



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 41

(2006–2007)

Nordisk samarbeid



Innhald

1	Innleiing	5	4.9	Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø	27
			4.10	Ernæring og mattryggleik	27
2	Aktuelle saker	7	4.11	Likestilling	28
2.1	Norden – felles løysingar i ei globalisert verd	7	4.12	Justissektoren	28
2.2	Grensehindringar	8	4.13	Flyktningar og migrasjon	29
2.3	Dei sjølvstyrte områda	10	4.14	Administrasjon og forvaltning	29
2.4	Statsministersamarbeidet	10	4.15	Barn og ungdom	30
2.5	Samarbeidsministrane, budsjett og administrasjon	11	4.16	Frivillig sektor	30
3	Norden og nabolanda	12	5	Anna nordisk regjeringssamarbeid	31
3.1	Nordisk Ministerråd og samarbeidet med nabolanda	12	5.1	Det utanrikspolitiske samarbeidet	31
3.2	Den nordlege dimensjon	14	5.2	Utanrikshandel	32
3.3	Austersjørådet	14	5.3	Forsvar	32
3.4	Barents-samarbeidet	15	5.4	Utviklingssamarbeid	33
3.5	Arktisk råd	16	5.5	Forbrukarpolitikk	34
3.6	Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål	17	5.6	Samferdsel	34
			5.7	Samiske spørsmål	35
4	Fagleg samarbeid	18	Vedlegg		
4.1	Kultur	18	1	Statsminister Jens Stoltenberg: Innlegg i generaldebatten, den 58. sesjon i Nordisk Råd, 31. oktober 2006	36
4.2	Utdanning og forskning (inkl. IT)	19	2	Nordisk Ministerråd sitt budsjett 2007 og forslag til budsjett 2008.....	38
4.3	Miljø (inkl. tverrfagleg samarbeid) ..	20	3	De Nordiska statsministrarna i Punkaharju för ett kunnigare, synligare och mer välmående Norden	39
4.4	Nærings-, energi- og regionalpolitikk	20	4	Forkortingsregister	41
4.5	Fiskeri og fangst	23			
4.6	Jord- og skogbruk	24			
4.7	Økonomi- og finanspolitikk	25			
4.8	Sosial- og helsepolitikk	26			



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 41

(2006–2007)

Nordisk samarbeid

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 28. september 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Regjeringa prioriterer det nordiske samarbeidet. Norden, nabo- og nordområda dannar eit solid utgangspunkt for politiske hovudprioriteringar i norsk internasjonal politikk. Soria Moria-erklæringa slår fast at regjeringa vil utvikle det potensialet som ligg i det nordiske samarbeidet gjennom ein nær dialog med nordiske naboar. I ei verd i rask endring vert det skapt nye behov, òg for regionalt samarbeid, og det er med på å gje det nordiske samarbeidet ein ny dimensjon.

Det nordiske regjeringssamarbeidet legg vekt på klare målsetjingar, relevans og fornying. Nordisk Ministerråd tydeleggjer og spissar verksemda si kontinuerleg for å gjere ho meir aktuell og profilert og for at ho skal ha større gjennomslagskraft. På denne måten tek ein vare på den nordiske nytten, dvs. den meirverdien innbyggjarane i Norden får gjennom det nordiske samarbeidet i tillegg til det gode bilaterale samarbeidet landa imellom.

Samarbeidet er eit verkemiddel for å oppnå resultat av felles verdi, og slik er dei roterande eittårige formannskapa svært viktige. Den norske formannskapen i 2006 la særleg vekt på å løfte fram nordområda og den nordiske velferdsmodellen, og vidareutvikla samarbeidet om utdanning, forskning og innovasjon, nedbygging av grensehindringar og budsjettreform. Dei nordiske innsatsane vart auka i samarbeidet med Nordvest-Russland, Arktis, Vest-Norden, Barentsrådet, Kviterussland og den

nordlege dimensjonen. Dessutan skal Ministerrådet til sesjonen i Nordisk Råd i 2007 leggje fram forslag til å styrkje deltakinga til dei sjølvstyrte områda i det nordiske samarbeidet.

Den finske formannskapen i 2007 legg mellom anna vekt på EU-dimensjonen i det nordiske samarbeidet og vil styrkje Norden ved å nytte seg av regionalt samarbeid i ei globalisert verd. Dei nordiske statsministrane bad på møtet sitt i juni 2007 samarbeidsministrane om å vurdere ei rekkje konkrete forslag som gjennom eit nærare samarbeid på strategiske område kan medverke til å gje Norden ei meir sentral stilling i global samanheng.

Det internt nordiske vil alltid vere det viktigaste i det nordiske samarbeidet. Dette vert støtta opp av det omfattande frivillige samarbeidet mellom organisasjonar og institusjonar i Norden.

Dei seinare åra har det òg vore lagt stor vekt på samarbeidet med Norden sine naboar. Det er utvikla eit nærare samarbeid med dei andre regionalråda (Arktisk råd, Barentsrådet, Austersjørådet). Den nordlege dimensjonen, der òg Nordisk Ministerråd har ei rolle i utforminga og gjennomføringa av politikken, gjev endå eit høve til å utvikle eit forsterka nordisk samarbeid.

Frå 1. januar 2007 overtok tidlegare statsminister Halldór Ásgrímsson som ny generalsekretær i Nordisk Ministerråd etter Per Unckel.

Etter samråd med den norske delegasjonen til Nordisk Råd har regjeringa lagt vekt på å lage ei kortare og meir poengtert og overordna stortingsmelding.

Meldinga orienterer i kapittel 2 om særleg aktuelle problemstillingar, dvs. dei utfordringane Norden står overfor i ei globalisert verd og grensehindringar. I kapittel 3 vert det gjort greie for samarbeidet med Norden sine naboar, medrekna statar, regionale råd og den nordlege dimensjonen.

Kapittel 4 gjev eit oversyn over det faglege og det tverrsektorielle samarbeidet gjennom dei ulike ministerråda, og kapittel 5 orienterer om det uformelle nordiske samarbeidet utanfor Nordisk Ministerråd.

Rapporten frå den norske formannskapet i 2006 følgjer meldinga som uttrykt vedlegg.

Den norske delegasjonen til Nordisk Råd utarbeider ein eigen rapport som eit separat dokument.

2 Aktuelle saker

2.1 Norden – felles løysingar i ei globalisert verd

Sambanda på tvers av landegrensene vert stadig tettare og landa stadig meir integrerte. Dette skaper potensial og utfordringar. Den sterke veksten i verdsøkonomien gjev grunnlag for å redusere fattigdommen. Auka handel og eit utvida samkvem gjev stadig større grupper mogelegheiter til auka velstand. Men auka menneskeleg aktivitet fører òg til større miljøbelastningar, som utslepp av klimagassar, og dei største utsleppa finn vi i dag i dei rikaste landa.

I ei meir integrert verd der landegrenser får mindre å seie er Noreg og dei andre nordiske landa opptekne av å møte utfordringane frå ein global økonomi og klimaendringane på ein offensiv måte. Nordiske land med små og opne økonomiar har alltid vore avhengige av internasjonal handel. Internasjonalt samkvem er difor ikkje nytt for Norden, men snarare eit vere eller ikkje vere.

Omstillingsevne i næringslivet, vilje til å ta i bruk ny teknologi, ein effektiv offentlig sektor og høg vekst er nokre karakteristikkar ved utviklinga i dei nordiske landa. Den nordiske velferdsmodellen er kjenneteikna av berekraft og auka verdiskaping, lav inflasjon og moderat arbeidsløyse, lav friksjon i arbeidslivet og gode velferdsordningar. Med likskapane og skilnadene våre er samfunnsmodellen vår tradisjonelt tufta på felles kjerneverdiar.

Med ein likearta og avansert ståstad når det gjeld kunnskap, kompetanse, kreativitet og kulturarv har dei nordiske landa store sjansar til å bidra med gode løysingar på globale utfordringar. Dette gjer det òg mogeleg for Norden å posisjonere seg i den internasjonale marknaden. Det nordiske samarbeidet kan styrkje omstillingsevna vår og skape positive synergjar utover det det enkelte landet kan få til, også når det gjeld i sambandet med dei næraste naboane og på eit europeisk nivå.

Auka internasjonal samhandel gjev norske føretak ein større marknad å eksportere til samtidig som norske forbrukarar får eit breiare utval av varer å velje mellom. Dette gjer det mogeleg å utnytte komparative fortrinn. For å utnytte nordiske styrkeposisjonar er det òg viktig at arbeidet

med å fjerne nordiske grensehindringar vert ført vidare.

Samtidig er den nordiske velferdsmodellen utsett for eit aukande press, og landa står på mange område overfor felles utfordringar. Den demografiske utviklinga er ei særskild utfordring. Den yrkesaktive delen av befolkninga vert stadig mindre, talet på eldre aukar, samtidig som for få barn vert sette til verda. Omsorgsoppgåvene aukar i samfunnet, medan det er ein underkapasitet på kvalifisert pleiepersonell. Dei offentlege helsete-nestene opplever at befolkninga har auka forventningar til kvaliteten på og omfanget av den behandlinga som vert tilbydd. Arbeidsmarknaden og arbeidsmiljøfeltet står sentralt i den vidare utviklinga av dei nordiske velferdssamfunna. Landa står òg overfor felles utfordringar når det gjeld tendensar til utstøyting frå arbeidslivet og diskriminering av utsette grupper.

I kjølvatnet av rapporten *Norden som global vinnerregion* og debatten mellom statsministrane og opposisjonsleiarane på sesjonen i Nordisk Råd i 2006, har samarbeidsministrane sett i gang ein prosess for å kartlegge om det lèt seg gjere med konkrete fellesnordiske innsatsar for å styrkje dei nordiske landa på område der auka samarbeid kan gje meirverdi. Dei nordiske statsministrane la dei overordna føringane for arbeidet på sommarmøtet deira i Punkaharju i juni 2007 og vart einige om ei rekkje forslag til tiltak for å gjere dei nordiske landa betre i stand til samla å utnytte sjansane og møte utfordringane i ei globalisert verd (jf. vedlegg 3).

Det handlar om å løfte fram fellesnordiske løysingar for å medverke til å utnytte dei mogelegheitene og utfordringane som dei nordiske landa møter. Sentrale nordiske interesser er knytte til velferd, sysselsetjing, vekst og konkurranseevne, kultur, utvikling av teknologi og kompetanse og berekraftig utvikling. Politiske satsingsområde i det nordiske samarbeidet vert i første rekkje forskning, innovasjon, klima, energi og miljø.

Eit viktig element i samarbeidet vil òg vere å synleggjere og profilere Norden som ein føregangsregion på ei rekkje område. Det er planar om eit toppmøte i 2008 som skal samle sentrale aktørar

innan nordisk politikk, forskning og næringsliv for å fremje framdrifta og dynamikken i samarbeidet.

Samarbeidsministrane er ansvarlege for det løpande arbeidet, medan generalsekretæren i Nordisk Ministerråd skal koordinere utviklinga av dei konkrete innsatsane. Prosessen skal gjennomførast i samarbeid med landa, fagministerråda og nordiske institusjonar. Aktivitetane skal finansierast innanfor den budsjettamma som i dag ligg føre i Ministerrådet. Initiativa gjev òg grunnlag for eit auka tverrsektorielt samarbeid i Nordisk Ministerråd og samarbeid med det nasjonale nivået.

Saka skal drøftast på sesjonen i Rådet i 2007 og Ministerrådet skal kontinuerleg samarbeide nært med Rådet.

Refleks – norske interesser i ei globalisert verd

Regjeringa strekar i Soria Moria-erklæringa under at norsk utanrikspolitikk skal vareta norske interesser og verdiar i ei verd i rask endring. Samstundes skal han medverke til å fremje internasjonale felles gode og byggje ei betre organisert verd.

På dette grunnlaget er det teke initiativ til eit utgreiingsprosjekt i Utanriksdepartementet, «Refleks – norske interesser i ei globalisert verd», med fokus på norske interesser og utanrikspolitiske mål i ei verd i endring.

Prosjektet skal på bakgrunn av globale endringar og utviklinga i vår eigen situasjon prøve nokre av dei tradisjonelle refleksane i utanriks- og tryggingspolitikken. Korleis kan vi – i spenningsfeltet mellom viktige nye utviklingstrekk og behovet for kontinuitet og oppslutning om dei lange linjene – utvikle hjørnesteinane i utanrikspolitikken vår, som FN-politikken, samarbeidet med våre næraste allierte og engasjementet vårt for konfliktløysing, fred og forsoning. Andre viktige område som vil verte berørte av utgreiinga og prosjektet er dei utanrikspolitiske og internasjonale sidene av rolla vår som energinasjon, korleis vi meir effektivt kan bidra til å motverke klimaendringar, nye initiativ for multilateralt samarbeid og globale styringsverktøy, internasjonal handel og samanhengane mellom utanrikspolitikk og helse, og identitet, religion, kultur og meir fleirkulturelle samfunn.

Prosjektet skal medverke til debatt og til å kartleggje kva globaliseringa og endra internasjonale rammevilkår fører til for Noreg og for utanrikspolitikken og det internasjonale engasjementet vårt, og føreslå prioriteringar og satsingar. Utgreiingsprosjektet skal skape større medvit om situasjonen vår og interessene våre og gje større klarleik i dei utfordringane globaliseringa stiller oss overfor og dei potensiala ho gjev. Arbeidet skal munne ut i ei

stortingsmelding innan denne stortingsperioden er over. Prosjektet vert lagt opp som ein open og inkluderande prosess med vekt på debatt og dialog og kontakt med norske og internasjonale miljø som har interesser og engasjement i internasjonale spørsmål og utanrikspolitikk.

2.2 Grensehindringar

Det å fjerne grensehindringar har vore eit sentralt satsingsområde i det nordiske regjeringssamarbeidet dei siste åra. Bakgrunnen er at stadig fleire nordiske borgarar driv grensekryssande aktivitetar som arbeid, næringsverksemd, studium, medisinsk behandling osv., og mange møter hindringar som er viktige for den enkelte.

Føremålet med å byggje ned grensehindringar er å medverke til ein tettare integrasjon mellom dei nordiske landa, gjere kvardagen enklare for dei som kryssar grensene i Norden og i størst mogeleg grad skape eit «grenselaust» Norden m.a. for å medverke til å styrkje velferda og auke den konkurranseevna regionen har.

Innbyggjarane i Noreg og Norden har, med rette, store forventningar til samarbeid mellom dei nordiske landa og kan ha lita forståing for grensehindringar som dei ofte opplever som utslag av unødvendige hindringar.

Samtidig har dei nordiske landa forskjellige lover og regelverk på ei rekkje område, og dei kjem framleis til å ha dette fordi landa gjennom demokratiske prosessar har etablert eigne lovverk. Difor er ei fullstendig nedbygging av grensehindringane verken realistisk eller ønskjeleg. Desto viktigare er det i størst mogeleg grad å redusere konsekvensane av hindringane mellom dei nordiske landa og syte for at informasjon om relevant regelverk er lett tilgjengeleg for nordiske innbyggjarar.

Statsministrane bad på sommarmøtet sitt i juni 2007 om at dei til det årlege møtet sitt i samband med sesjonen i Nordisk Råd får lagt fram ei liste over aktuelle grensehindringar og forslag til handtering.

Etter forslag frå Nordisk Råd skal ein diskutere oppretting av ein overordna samordnar for arbeidet med nordiske grensehindringar.

Foreningen Norden og informasjonstenesta Hallo Norden er etablerte i alle dei nordiske landa som operative kanalar for formidling av informasjon og tilvising til rette ansvarlege styresmakt. Ministerrådet arbeider dessutan kontinuerleg med å utvikle nye og eksisterande nettbaserte informasjonsportalar, t.d. om skattespørsmål og sosial- og

trygdesaker. Og dei grenseregionale komiteane i Norden har no systematisk innarbeidd grensehindringar som eit av dei prioriterte områda sine. Dessutan arbeider fleire bilaterale grensetenester effektivt med grensehindringar, t.d. Grensetjenesten Morokulien ved Magnor på den norsk-svenske grensa som fekk midlar frå Ministerrådet for 2007. Det er òg etablert ei ordning der m.a. slike bilaterale tenester kan søkje om prosjektmidlar frå Ministerrådet til grensehindertiltak.

Pådrivarordningar for næringslivet og på sosial- og helseområdet

Arbeidet med grensehindringar vart følgt opp under den norske formannskapen i 2006. Etter initiativ frå den norske samarbeidsministeren vart det vedteke å etablere pådrivarordningar innanfor to viktige område: næringslivet og sosial- og helseområdet. Pådrivarane skal vere forankra i dei relevante nordiske fagministerråda. Pådrivarane rapporterer òg til samarbeidsministrane som overordna ansvarlege for arbeidet med grensehindringar. Sekretariatet i Nordisk Ministerråd skal hjelpe pådrivarane i arbeidet deira. Pådrivarane skal ha politisk og fagleg tyngde til å utøve trykk på både dei administrativt og politisk ansvarlege nasjonalt og innanfor rammene av Nordisk Ministerråd. Pådrivarane skal fokusere innsatsen på område der det er viktige grensehindringar og samtidig gode utsikter til å oppnå resultat. Ein føreset at dei har eit nært samarbeid med den til kvar tid sitjande formannskapen.

Arbeidet med å utvikle Norden til ein «grenselaus» og konkurransekraftig region på den internasjonale marknaden er eit prioritert område for dei nordiske næringsministrane. I tida framover vil pådrivaren arbeide for å skape større interesse for å fjerne grensehindringar i nordiske næringsorganisasjonar. Han vil særleg fokusere på dei hinder som små og mellomstore føretak vert ramma av, forenkle administrative prosedyrar og betre informasjonen om dei utsiktene og rettane små og mellomstore føretak har i ein etableringsfase.

Innanfor næringssektoren er Nordisk InnovasjonsCenter (NICE) det viktigaste instrumentet Nordisk Ministerråd har for å fremje eit innovativt og kunnskapsintensivt nordisk næringsliv. Eitt av dei mange fokusområda til NICE er næringsrelaterte grensehinder i Norden. Samarbeidet mellom NICE og pådrivaren vil vere eit viktig bidrag til å oppnå konkrete resultat.

Sosial- og helse pådrivaren har starta med å konsentrere seg om konkrete problemstillingar knytte til uførepensjon og førtidspensjon og dessutan problem for langtidssjukmelde som arbeider i eitt nor-

disk land og er busette i eit anna. Vidare vil pådrivaren sjå nærare på problemstillingar knytte til fedrane sin rett til permisjon i Noreg, tilhøve som er viktige i dei tilfella der mora til barnet verken bur eller arbeider i Noreg. Det vil òg verte aktuelt å arbeide med andre grensehindringar innanfor dette svært sentrale området for innbyggjarane våre.

Tidlegare fylkesordførar Ragnar Kristoffersen er utpeikt som pådrivar innanfor helse- og sosialområdet og advokat og tidlegare statssekretær Helge Kringstad innanfor næringsområdet. Dei starta arbeidet sitt primo 2007.

Oppfølging av andre grensehinder

Det er i 2007 opna ein *nordisk internetbasert velferdsportal* med informasjon om sosial- og trygdesystema for dei som bur og/eller arbeider i Norden. Føremålet med portalen er å gje innbyggjarane nødvendig og lett tilgjengeleg informasjon om spørsmål som gjeld trygdetilknytning, trygderettar osv. i samband med flytting mellom og/eller arbeid i andre nordiske land. Dette vil kunne verte eit viktig bidrag i arbeidet med å redusere grensehindringar på trygdeområdet.

Reglane om *samordning av sosial tryggleik* i Norden er fordelte på to konvensjonar. Den nordiske konvensjonen om trygd (2003) omfattar trygd og helsetenester, medan nordisk konvensjon frå 1994 omfattar sosialhjelp og sosiale tenester. Føremålet med konvensjonane er å lette den frie rørsla i Norden gjennom å hindre at det oppstår luker i det sosiale tryggingssynet når ein flyttar frå eitt nordisk land til eit anna.

Som ei oppfølging av arbeidet til Nordisk Ministerråd for å byggje ned grensehindringar mellom dei nordiske landa, er det vedteke *endringar i den nordiske konvensjonen om sosialhjelp og sosiale tenester*. Endringane gjer det enklare for personar som er omfatta av konvensjonen og har nedsett funksjonsevne, å flytte eller reise til eit anna nordisk land. Dette inneber at ansvarleg styresmakt i innflyttingskommunen og i utflyttingskommunen skal samarbeide for å gjere det enklare å flytte for personar som ønskjer å flytte til ein kommune i eit anna nordisk land, men som på grunn av si nedsette funksjonsevne har behov for sosialhjelp eller sosiale tenester. Som ledd i samarbeidet kan ansvarlege styresmakter inngå avtale om ei fordeling av kostnadene for nødvendige tenester i ein overgangsperiode.

Dei nordiske landa utgjer ein stor og viktig marknad for kunstnarane og verka deira. Eitt av hovudmåla for det nordiske *kultur- og mediesamar-*

beidet er å medverke til opne grenser og mobilitet for kunstnarar og kulturprodukt. Dei nye programma på kulturområdet – mobilitets- og residensprogrammet og kunst- og kulturprogrammet – skal begge skape mobilitet for personar og kulturprodukt. Programma gjev støtte til etablering av nettverk og samarbeid mellom nordiske kunstnarresidensar og støtte til samarbeidsprosjekt som involverer aktørar frå det nordiske kunst- og kulturfeltet.

Innan utdannings- og forskingssektoren er det semje om at det ikkje er føremålstenleg med ei spesiell pådrivarordning sidan arbeidet med å fjerne grensehindringar pågår kontinuerleg, jf. avtale om gjensidig godkjenning innan høgare utdanning, gymnasavtalen osv. Fjerning av grenshinder inngår no i arbeidsprogramma til rådgjevingssjuppene med pålegg om årleg rapportering til embetsmannskomiteen.

2.3 Dei sjølvstyrte områda

I samband med sesjonen i Nordisk Råd i 2005 bad dei nordiske statsministrane samarbeidsministrane om å setje i verk ein prosess for å vurdere tiltak som kan styrkje deltakinga til dei sjølvstyrte områda i Nordisk Ministerråd. Generalsekretæren la i juni 2006 fram ein første rapport om dei juridiske og praktiske spørsmåla som vert reiste i samband med dette. Etter innleiande diskusjonar om denne rapporten og den vidare prosessen vedtok samarbeidsministrane i desember 2006 å setje ned ei nordisk arbeidsgruppe – med dei sjølvstyrte områda – for å utarbeide eit framlegg til å styrkje deltakinga til dei sjølvstyrte områda, og at resultatet skulle leggjast fram på sesjonen i Rådet i 2007.

Mandatet til arbeidsgruppa innebar å greie ut om deltakinga til dei sjølvstyrte områda i nordiske institusjonar, samarbeidsorgan og program for å komme fram til framlegg til konkrete initiativ som kan styrkje deltakinga til dei sjølvstyrte områda, innanfor ramma av Helsingforsavtalen. Samarbeidsministrane godkjende innstillinga frå arbeidsgruppa på møtet sitt 5. september på Åland, og dokumentet heiter «Ålandsdokumentet».

Mellom tiltaka kan ein mellom anna nemne at heretter kan Danmark og Finland gje representantar for Færøyane, Grønland og Åland i oppgåve å leie ministermøte, embetskomitear og arbeidsgrupper. Dessutan skal ein forstå Helsingforsavtalen slik at dei sjølvstyrte områda får rett til – innanfor ramma av den kompetansen dei har overført frå landa – å vere adressatar og å svare på spørsmål, rekommandasjonar og andre framstillingar frå

Nordisk Råd. I tillegg skal dei sjølvstyrte områda kunne delta i nordiske institusjonar og samarbeidsorgan på same vilkår som landa, dvs. søkje om medlemskap i desse organa innanfor ramma av Helsingforsavtalen.

Saka vil verte diskutert på sesjonen i Nordisk Råd i Oslo 30. oktober–1. november.

2.4 Statsministersamarbeidet

Statsministrane har det overordna ansvaret for det nordiske regjeringssamarbeidet. I tillegg til nær og kontinuerleg kontakt om nordiske og andre internasjonale spørsmål har statsministrane regelmessige møte. På dagsordenen står både nordiske, europeiske og andre internasjonale spørsmål. Regjeringa ser på statsministtermøta som viktige for det nordiske samarbeidet.

Sidan den førre stortingsmeldinga om nordisk samarbeid har det som vanleg vore to nordiske statsministtermøte. Det første vart halde 31. oktober 2006 i samband med sesjonen i Nordisk Råd i København og det andre 19. juni 2007 i Punkaharju i Finland. Det er på møtet under sesjonen at statsministrane vanlegvis legg størst vekt på spørsmål knytte til Nordisk Ministerråd. Då vert det òg halde møte med presidiet i Nordisk Råd og med representantar for dei sjølvstyrte områda. Det neste nordiske statsministtermøtet finn stad i samband med sesjonen i Nordisk Råd i Oslo, som vert halden 29. oktober–1. november 2007.

På møta sine har statsministrane mellom anna diskutert dei norske og finske formannskapsprogramma i Nordisk Ministerråd for høvesvis 2006 og 2007, medrekna nordisk samarbeid i nordområda, den nordiske velferdsmodellen, EU-samarbeid og den nordlege dimensjonen. I nordområda har Ministerrådet utvikla eit omfattande nettverks- og utvekslingsprogram for Nordvest-Russland og sett i verk eit nytt arktisk samarbeidsprogram. Det er òg utvikla eit program for støtte til eit eksiluniversitet i Vilnius for kviterussiske studentar. I velferdspolitikken er det sett av vesentlege midlar til langsiktig velferdsforskning.

Auka deltaking frå dei sjølvstyrte områda i det nordiske samarbeidet har vore diskutert, og det vil verte lagt fram eit forslag om dette på sesjonen i Nordisk Råd i 2007. Når det gjeld nedbygging av grensehindringar mellom dei nordiske landa, har statsministrane bestemt at det årleg frå og med 2007 skal leggjast fram eit oversyn over aktuelle grensehindringar og løysingsalternativ på møtet til statsministrane på sesjonen. Det er oppretta pådrivarordningar innanfor sosial- og helseområdet og

næringslivssamarbeidet, og etter forslag frå Nordisk Råd vert det diskutert å opprette ein overordna samordnar for grensehindersamarbeidet. Eit anna tema har vore å identifisere fellesnordiske aktivitetar som kan styrkje dei nordiske landa i dei internasjonale globaliseringsprosessane, og på møtet deira i Punkaharju i juni sende statsministrane ut ei pressefråsegn om dette (jf. vedlegg 3).

Av andre internasjonale spørsmål som statsministrane har diskutert, kan ein m.a. nemne FN-reform, klimaspørsmål og europaspørsmål.

2.5 Samarbeidsministrane, budsjett og administrasjon

Statsråd Heidi Grande Røys har vore nordisk samarbeidsminister sidan regjeringsskiftet i oktober 2005. Møta vert i 2007 leidde av den finske formannskapet, og samarbeidsministrane skal som vanleg ha fem møte i løpet av året for å behandle og gjere vedtak i ei rekkje saker. I tillegg gjer samarbeidsministrane vedtak ved skriftleg prosedyre mellom møta.

Ein sentral del av oppgåvene til samarbeidsministrane er ministerrådsbudsjettet og økonomistyring. Under leiing av den norske formannskapet i 2006 vart budsjettet for 2007 vedteke i ein god og konstruktiv dialog med Nordisk Råd. For å styrkje prioriterte område vart det gjennomført ei pro rata nedskjering på 1 % i budsjetttrammene til fagministerråda, og midlane vart samla i ein eigen budsjettpost på 37 millionar DKK. Midlane vart fordelte til prioriterte område med utgangspunkt i budsjetttil-

visingane for 2007 som samarbeidsministrane vedtok 6. mars 2006 etter samråd med Rådet. Kultursektoren og Nordisk kulturfond vart etter oppmoding frå Rådet haldne utanfor pro rata nedskjering.

Budsjettdirektivet for 2008 vart vedteke av samarbeidsministrane 26. februar 2007, og det endelige budsjettet for 2008 vil verte vedteke i samband med sesjonen i Nordisk Råd i Oslo 29. oktober–1. november 2007. Budsjettforslaget for 2008 føreset ei uendra ramme og har innarbeidd eit forslag om ei pro rata nedskjering på 2 % for å sikre midlar til ein prioriteringspost. For å unngå å føre vidare denne relativt vilkårlege metoden for å sikre prioriteringsmidlar – som dessutan slår ulikt ut sidan budsjetta til sektorane er svært ulike i storleik – føreslo den norske formannskapet seint i 2006 at landa bør vurdere andre metodar for meir politiske og direkte budsjettmessige prioriteringar. Det er grunn til å vente at den svenske formannskapet i 2008 vil forfølgje forslaget. Budsjettforslaget for 2008 legg opp til at uformelt samarbeid skal finansierast gjennom formannskapspulja. Før budsjettforslaget for 2008 vert behandla på sesjonen, skal det drøftast med Nordisk Råd.

Etter norsk initiativ har samarbeidsministrane i samarbeid med finansministrane gjennomført eit større prosjekt for reform av budsjettdokumentet og av sentrale budsjettmekanismar. Føremålet med prosessen er å tydeleggjere prioriteringane og satsingsområda i budsjettet og å styrkje mekanismene for budsjettkontroll for m.a. å styrkje prosjektstyringa og redusere likviditeten. Reformene skal tre i kraft frå og med budsjettet for 2008.

3 Norden og nabolanda

3.1 Nordisk Ministerråd og samarbeidet med nabolanda

Samarbeidsministrane er òg ansvarlege for nabolitikken, dvs. det samarbeidet Ministerrådet har med Nordvest-Russland, Arktis, Kviterussland, EU og den nordlege dimensjonen, Vest-Norden og Baltikum. Ministerrådet har no eit nytt og heilskapleg operativt samarbeid med Nordvest-Russland med utgangspunkt i eit nettverks- og utvekslingsprogram som skal styrkje demokratiutviklinga i området. Det samarbeidet Ministerrådet har med dei andre regionale råda og den nordlege dimensjonen vert styrkt kontinuerleg, og det vart i 2006 etablert eit konkret samarbeid også med Barentsrådet. Det nye og utvida arktiske samarbeidsprogrammet til Ministerrådet er under gjennomføring. Støtta til det kviterussiske eksiluniversitetet i Vilnius er ført vidare i nært samarbeid med EU. Ministerrådet er ein nær samarbeidspartnar og bidragsytar i den nordlege dimensjonen, der elles Noreg og Island no er fullverdige deltakarar. Samarbeidet i Vest-Norden vart styrkt i 2007 gjennom auka vektlegging på Nordisk Atlantsamarbeid (NORA).

Sameministrane og sametingspresidentane har i det nordiske samarbeidet og i samiske spørsmål ønskt ein styrkt kontakt og dialog med russiske styresmakter og samar om samiske spørsmål og urfolksspørsmål av felles interesse. Barentsrådet, Arktisk råd og Nordisk Ministerråd har inkludert urfolksspørsmål i programma sine og har jamleg kontakt med russiske styresmakter og samar om saker av felles interesse. Ministrane og presidentane meiner det er viktig å styrkje statusen for samar og andre urfolk i Barentsregionen og har oppmoda desse samarbeidsorgana til å fokusere meir på situasjonen til urfolka og støtte til tiltak som medverkar til å sikre eksistensgrunnlaget, språket og kulturen deira.

Noreg og Russland har òg forhandla fram ein avtale om *visumlette* som tilsvarar ein avtale inngått mellom EU og Russland. Avtalen inneber i hovudtrekk at visumproseduren vert forenkla og er i tråd med det sterke fokuset regjeringa har på samarbeid i nord.

Regionalt samarbeid innan *forskning og innovasjon* (med vekt på Norden og Austersjøregionen) stod sentralt under den norske formannskapen i 2006. Det vart understreka kor viktig det nordiske samarbeidet og *Nordic Research and Innovation Area* (NORIA) er som brubyggjar til det europeiske samarbeidet. Eit sentralt verkemiddel for å realisere NORIA er ei gradvis opning av nasjonale program på nordisk nivå.

Erfaringar frå nordiske og russiske styresmakter om *skulesamarbeid* vil vere ein del av Nordisk Ministerråd sin strategi for samarbeidet med Nordvest-Russland. Aktuelle tema for samarbeidet er spesialundervisning, naturvitskaplege område og språk. Neste generasjon Nordplus startar opp i 2008 og gjev dei baltiske landa rett til å delta i programma på lik linje med dei nordiske landa, unntake i Nordplus Språk.

I samspel med landa og andre regionale råd speler Nordisk Ministerråd ei aktiv rolle i *helse- og sosialsamarbeidet* i Norden sine naboområde. Samarbeidet i sektoren har stor interesse, mellom anna på grunn av dei store skilnadene i regionen. Helse-situasjonen i Baltikum og særleg i Russland er vesentleg verre enn i Norden, med langt høgare førekomst av smittsame sjukdommar som tuberkulose og hiv/aids i tillegg til ei tyngre byrde av livstilsrelaterte sjukdommar.

Nordisk Ministerråd er med i partnerskapen for helse og livskvalitet i den nordlege dimensjonen (*The Northern Dimension Partnership in Public Health and Social Wellbeing*). I 2006–2007 er det Litauen som leier arbeidet i partnerskapen med Noreg som nestleiar, og både Noreg og Ministerrådet tek del i arbeidet i ekspertgruppene. Noreg leier arbeidet med å styrkje helsetilstanden til dei innsette i fengsla. Nordisk Ministerråd har særleg retta innsatsen sin mot menneskehandel og for utsette barn og unge.

Ein annan viktig samarbeidsarena er Barentsrådet si arbeidsgruppe for helse og sosiale saker, der Ministerrådet òg er medlem. Dette er ei arbeidsgruppe for både nasjonale og regionale representantar, open for urfolksrepresentasjon. Noreg leier gruppa saman med Murmansk fylke. Ved sidan av å koordinere bilaterale innsatsar gjen-

nomfører arbeidsgruppa eit program mot hiv/aids og utviklar ei satsing mot utsette barn og unge.

Kultursamarbeidet med Nordvest-Russland og dei baltiske landa er under omforming som ei følgje av den nye strukturen for det nordiske kultursamarbeidet. Utforminga av satsingsområda skjer i samarbeid med aktørar på kulturfeltet både i Nordvest-Russland og i dei baltiske landa. Forslag til satsingsområde skal leggjast fram for kulturministrane på møtet deira i oktober.

Når det gjeld samarbeid om *ungdom*, tok Noreg gjennom formannskapet sin initiativ til eit nordisk-baltisk samarbeid om aktivitetar i samband med Europarådets ungdomskampanje for å fremje mangfald, menneskerettar og deltaking («All Different – All Equal»). Det vart halde eit nordisk-baltisk ungdomsarrangement i København hausten 2006. I løpet av 2007 har det med støtte frå NORD-UK vore halde «Menneskebibliotek» i fleire av dei nordiske landa. Ungdomsorganisasjonar i dei nordiske og baltiske landa samarbeider om desse arrangementa.

Noreg, Sverige, Finland og Russland har gjennom Barents-samarbeidet (Barents Euro-Artic Council) sett ned arbeidsgrupper for å vidareutvikle øvingar, utdanning og avtalar innan *rednings- og beredskapsarbeidet* i regionen. Ein redningsavtale er i ferd med å verte utarbeidd med dei nemnde landa som partar til avtalen, og det er forventat at arbeidet snart vil vere sluttbehandla. Det vert jamleg halde felles øvingar innanfor rednings- og beredskapsarbeidet i regionen. Den siste øvinga, Barents Rescue 2005, vart leidd av Noreg. Den neste øvinga vil verte leidd av Finland og vert halde i oktober 2007.

Det er underteikna ein sjøredningsavtale mellom Noreg og Russland. Avtalen utfyller føresegnene i IMO-konvensjonen om søk og redning til sjøs av 1979. I samarbeid med Russland vert det årleg gjennomført sjøredningsøvingar i Barentshavet.

Gjennom *EØS-finansieringsordninga* utviklar Noreg eit samarbeid med dei nye medlemslanda i EU når det gjeld grensekontroll og utvikling og modernisering av institusjonar og funksjonar i kampen mot kriminalitet og i strafferettsapparatet. Både politi og fengselssystem står sentralt mellom dei fagfelte der Noreg ønskjer å hjelpe nye og kommande EU-land med å verte betre i stand til å førebyggje og handtere den aukande kriminaliteten.

Innanfor ramma av EØS-finansieringsordninga vert det arbeidd med å etablere ei rekkje justispolitiske samarbeidsprosjekt. Kriminalomsorga har i særleg grad prioritert samarbeidet med Latvia, der den første utlysingsrunden for prosjektmidlar no

er avvikla. Godkjende prosjekt vil starte opp innan utgangen av 2007 / tidleg 2008. Tiltaka har avløyst dei samarbeidsordningane som vart gjennomførte på prosjektbasis då dei baltiske landa var søkerar til EU.

Parallelt med samarbeidet gjennom EØS-finansieringsmekanismane vil Noreg framleis delta i det omfattande *justis- og innanrikspolitiske samarbeidet i Austersjøområdet*. «Baltic Sea Task Force on Organised Crime» legg til rette for eit uformelt, kontinuerleg samarbeid mellom fleire rettshandhevsorgan i dei aktuelle landa. Samarbeidet går føre seg på fleire nivå, både mellom ekspertar på ulike fagfelt og på politisk nivå. Her diskuterer ein både strategiske spørsmål om utviklinga i samarbeidet og operative aksjonar som vert gjennomførte med jamne mellomrom.

Gjennom grensesamarbeidet *Baltic Region Border Control Cooperation* er det lagt opp til eit tett samarbeid om kontrollen av yttergrensene, særleg sjøgrensekontrollen.

Europarådet tok i 1996 initiativ til eit samarbeid mellom kriminalomsorga i dei nordiske landa og *fengselsvesenet* i dei baltiske landa. Frå norsk side vart dette prosjektet sett på som ei støtte til dei baltiske statane i søknadsprosessen overfor EU. Prosjektet gjekk under namnet «Nor-Balt Prison Project» og vart formelt avvikla 1. mai 2004. Parallelt med dette har Nordisk Ministerråd hatt mindre samarbeidsprosjekt med baltisk fengselsvesen. Det faglege samarbeidet med latvisk kriminalomsorg er under utvikling, og fleire nye prosjekt er under utarbeiding. Samarbeidet går føre seg innanfor EØS-finansieringsmekanismane.

Europarådet tok i 1998 initiativ til eit tilsvarende samarbeidsprosjekt med russisk fengselsvesen, *Twin Prison Project*. Deltakarar i dette prosjektet har forutan Russland og Noreg vore tre tyske forbundsstatar. Samarbeidet mellom norsk og russisk fengselsvesen må karakteriserast som svært vellukka, og vi har inntrykk av at samarbeidet er høgt verdsett på russisk side.

Det praktiske samarbeidet har i hovudsak vore konsentrert om Nordvest-Russland, men har fått ein god del merksemd òg på sentralt hald i Russland. Dei siste åra har samarbeidet endra karakter frå å vere eit materielt bistandsprosjekt til i hovudsak å vere ein fagleg dialog. Mellom anna er tilhøva for kvinner i fengsel eit viktig tema i den faglege dialogen.

Samarbeidet har vore knytt ikkje berre til fengselstenesta, men òg til dei andre justisstyresmaktene. Dette har mellom anna ført til at det våren 2006 vart underteikna ein generell justispolitisk samarbeidsavtale mellom Noreg og Russland.

Avtalen skal følgjast opp av toårige handlingsplanar, og den første handlingsplanen vil truleg verte underteikna innan utgangen av 2007.

Under den norske formannskapen vart det lagt vekt på å styrkje samarbeidet med dei baltiske landa innanfor ramma av Norden–Baltikum (NB-8) på område som *fornybar energi og energieffektivisering*. Dei baltiske landa vert no jamleg inviterte til å drøfte ein felles EU/EØS-dagsorden mellom anna gjennom formøte til rådsmøta i EU. Samla har dei nordiske landa støtta det breiare internasjonale energisamarbeidet i Austersjøregionen gjennom «Baltic Sea Regional Energy Cooperation» (BAS-REC). Det vert arbeidd med konkrete nordiske samarbeidsprosjekt retta mot Nordvest-Russland. Fokus på energi innan den nordlege dimensjonen i EU kan gje nye høve til å utvikle samarbeidet vidare.

3.2 Den nordlege dimensjon

Definisjonen av «den nordlege dimensjon» har vore «EU-verktøyet for samarbeid med Nordvest-Russland». Dei to første handlingsplanane for det som då var EUs nordlege dimensjon, var ikkje særleg vellukka. Finland har vore drivkrafta bak den nye nordlege dimensjon (ND) som vart sett i gang 1. januar 2007. Den nordlege dimensjon er tufta på dei to dokumenta som vart vedtekne på toppmøtet om den nordlege dimensjon i Helsinki 24. november 2006:

- *Political Declaration on the Northern Dimension Policy*
- *Northern Dimension Policy Framework Document*.

EU, Island, Noreg og Russland er no likeverdige partnarar i ND. Dei regionale råda (Arktisk råd, Austersjørådet, Barentsrådet og Nordisk Ministerråd) og internasjonale finansinstitusjonar (EBRD, EIB, NIB og Verdsbanken) er deltakarar. Deltakarar er òg andre institusjonar og organ under EU og dei andre partnarlanda. Regionale og lokale styresmakter, NGO-ar, universitet, næringsliv o.a. har òg høve til å vere med på ND-prosjekt og ND-aktivitetar.

Det skal haldast ministermøte kvart andre år, i mellomliggjande år møte på høgt embetsnivå. I tillegg er det oppretta ei styringsgruppe som skal møtast tre gonger i året. Det første møtet i styringsgruppa fann stad i Moskva 12. mars i 2007, det andre i Brussel 19. juni. Styringsgruppa skal sikre kontinuitet og komme med tilrådingar og framlegg til tenestemenn, som skal ha det første møtet sitt i

Moskva i slutten av november 2007. Gruppa skal òg førebu embets- og ministermøta. ND har ikkje noko sekretariat. Det landet som tek på seg å arrangere ulike møte, vil ha sekretariatsfunksjonen for dei einskilte møta.

Dei ND-prosjekta som er gjennomførte, har vorte det i regi av dei to partnarsskapa for miljø og helse:

- *Northern Dimension Environmental Partnership (NDEP)*
- *Northern Dimension Partnership on Public Health and Social Well-Being (NDHS)*.

Prosjekta er baserte på samfinansiering. Ulike nye prosjektforslag har vorte lagde fram og er til vurdering. Det vert drøfta å opprette eit nytt partnarsskap for transport og infrastruktur.

Noreg ser positivt på opprettinga av eit slikt partnarsskap. Her kan ein vidareutvikla eksisterande prosjekt som t.d. Barents Link. Den nye nordlege dimensjon kan gje tilskuv til gjennomføring av prosjekt som treng finansiering frå dei store internasjonale finansinstitusjonane. Miljøprosjekt vil i fyrste omgang vera særleg aktuelle. På norsk side må ein vurderer kva andre område det kan vera tenleg å fremja. Det er viktig å gjera mest mogeleg effektiv bruk av eksisterande samarbeidsorganisasjonar, og finna høvelege kontaktflater slik at Den nordlege dimensjon kan gje meirverdi og skapa synergieffekt. Den nordlege dimensjon gjev vidare Noreg størst mogeleg innpass i arbeidet med å oppretta dei fire samarbeidsromma mellom EU og Russland.

3.3 Austersjørådet

Sverige har hatt formannskapen i Austersjørådet i perioden juni 2006 til juni 2007 og lagt særleg vekt på følgjande prioriteringar: energi og miljø, sivil tryggleik og handel og investeringar. Latvia har teke over formannskapen for perioden fram til juni 2008 og vil prioritere utdanning, energi og sivil tryggleik.

Sverige har i formannskapsperioden sin teke initiativ til å setje i verk ein gjennomgang av Austersjørådet med sikte på å reformere og revitalisere det. Vidare er det gjort framlegg om at ein slik prosess skal munne ut i ein eigen strategi for samarbeidet i regionen. Bakgrunnen for dette er ei erkjenning av at rammevilkåra for samarbeidet i regionen er vesentleg endra dei seinare åra og er radikalt forskjellige frå det dei var i 1992 då Austersjørådet vart stifta. Det svenske initiativet er godt motteke av medlemslanda og EU-kommisjonen.

Dette er spegla i erklæringa frå utanriksminister-møtet i Austersjørådet i juni 2007. I erklæringa vert det vist til at Austersjørådet har spelt ei sentral rolle i arbeidet med å setje ut i livet samarbeidet i regionen frå 1992. Men nye utfordringar, særleg knytte opp til globalisering og auka konkurranse for næringslivet, set nye krav til samarbeidet og til dei strukturane og formene som skal tene til å realisere det. Austersjørådet vil difor måtte samarbeide endå tettare med andre regionale nordeuropeiske råd innanfor den overordna ramma som den nye plattformen for den nordlege dimensjonen utgjør. Målsetjinga vil vere å gjere regionen meir konkurransedyktig. Erklæringa uttrykkjer semje om at EU i endå sterkare grad enn hittil må verte trekt med i vurderingane om dei framtidige prioriteringane. Dette vil kunne sikre finansielle overføringar frå EU nordover i Europa i konkurranse med andre regionar. Ein strategi for samarbeidet i regionen må ha fokus på klare prioriteringar.

Den latviske formannskapet vil med basis i utanriksministererklæringa leie ein reformgjenomgang av Austersjørådet i tett samarbeid med den utgåande (Sverige) og den innkommande (Danmark) formannskapet. Ein rapport om framdrifta vil verte lagt fram på regjeringssjefsmøtet i Austersjørådet i Riga i juni 2008.

Noreg har slutta aktivt opp om det svenske initiativet og har mellom anna peikt på kor viktig det er å trekkje med i reformarbeidet dei mange aktørane som arbeider for utvikling av regionen, som det lokale og fylkeskommunale nivået og parlamentarikarsida. Den nordlege dimensjonen må utgjere den overordna ramma for vegen vidare. Det er viktig å ta eit vidt grep og sjå på heile samarbeidsarkitekturen i Nord-Europa. Målet må vere å auke effektiviteten og samtidig respektere eigenarten til dei regionale organisasjonane. Utviklinga av ein eigen strategi for Austersjøregionen må fokusere både på den indre strukturen i Austersjørådet og rådets organisasjon og på den breiare konteksten som rådet er ein del av. Frå norsk side er det gjeve støtte til at EU vert aktivt involvert i prosessen med å setje opp prioriteringar for Austersjørådet, mellom anna i lys av at Europaparlamentet har vedteke ein resolusjon om å lage ein EU-strategi for Austersjøområdet. Eit tilsvarende EU-engasjement for nordområda, gjennom den nordlege dimensjonen, vert ønskt velkomme.

3.4 Barents-samarbeidet

Barents-samarbeidet kom i stand på norsk initiativ. Det vart formelt oppretta på eit utanriksminister-

møte i Kirkenes i 1993. «Kirkeneserklæringa» nemner ei rekkje prioriterte samarbeidsfelt med berekraftig utvikling og styrkt stabilitet som overordna mål. Samarbeidet går føre seg på to politiske nivå: det mellomstatlege i Barentsrådet (*Barents Euro-Arctic Council*, BEAC) og det regionale i Regionrådet (*Barents Regional Council*, BRC). Medlemmer i Barentsrådet er Danmark, Finland, Island, Noreg, Russland, Sverige og EU-kommisjonen. Ni land har observatørstatus. Tretten fylke eller tilsvarende regionale einingar utgjør Regionrådet saman med representantar for dei tre urfolkane i regionen; samar, nenetsar og vepsar. Finland, Noreg, Russland og Sverige er skiftevis formenn i Barentsrådet. Noreg hadde formannskapet i 2003–2005. Finland er formann fram til november 2007. Då tek Russland over. Barentsrådet møtest annakvart år på utanriksministernivå. Andre fagministrar kjem òg saman med jamne mellomrom. For tida er Karelen formann i Regionrådet, medan Oulu (Norra Österbotten) vert neste formann. Frå norsk side deltek dei tre nordnorske fylke aktivt i det regionale samarbeidet. Fleire arbeidsgrupper er oppretta under BEAC og BRC. Det finst òg felles BEAC/BRC-arbeidsgrupper. Arbeidsgruppa for urfolksspørsmål har rådgjevande funksjon i BEAC og BRC. Barentsregionen har 6 millionar innbyggjarar og ei flatevidd på 1,75 millionar kvadratkilometer. Regionen har store og rike naturressursar.

Dei konkrete oppgåvene for Barentsrådet har vore å styrkje og fremje regionalt samarbeid over eit breitt spekter: næringsliv, miljø, samferdsel og kommunikasjonar, utdanning og forskning, helse, kultur, urfolk, justisspørsmål, redningssamarbeid, ungdomsspørsmål o.a. Det er oppretta gode kontaktar mellom forretningsverksemdar i barentslanda og mellom ulike kommunar i dei ulike landa. Barents-samarbeidet har vore med på å bryte ned gamle skiljelinjer i nord og har utvikla ein sterk folk-til-folk-dimensjon. Barents-samarbeidet har skapt eit nytt og stabiliserande samarbeidsmønster i tilhøvet mellom dei nordiske landa og Russland og har medverka til å styrkje den rolla Russland har i det alminnelege europeiske samarbeidet. Det viktigaste målet for samarbeidet er å fremje ei berekraftig utvikling i vidaste forstand. Tradisjonelt er dette hovudsakleg retta mot Nordvest-Russland.

Barents-samarbeidet er særleg viktig som ein inngangsport til eit konkret samarbeid med Russland. Dei nordiske medlemmene av EU har medverka aktivt til å utforme EU-initiativ og finansieringsordningar for å styrkje det regionale samarbeidet i nord. Dei regionale samarbeidsorganisasjonane har til dels overlappende funksjonar. Det er

sett i gang eit arbeid for å sjå kva som kan gjerast for å effektivisere samarbeidet dei imellom og koordinere det betre. Kvar organisasjon har sine særlege arbeidsområde og kvaliteter. Målet er å oppnå ein synergieffekt alle kan tene på. Det nordiske elementet er alltid ein viktig medverkande faktor. Det er no formalisert eit prosjektsamarbeid mellom Barentsrådet og Nordisk Ministerråd innan miljø, næringsliv og urfolk.

Noreg har teke initiativ til å få oppretta eit internasjonalt sekretariat med sete i Kirkenes. Det skal etter planen opne i januar 2008. Sekretariatet skal stø opp om dei ulike samarbeidsaktivitetane på alle nivå og vere eit institusjonelt minne som kan gjere tiltaka meir samanhengande og koordinerte. Eit anna mål er å styrkje det multilaterale aspektet. Det internasjonale sekretariatet kan òg verte eit viktig kommunikasjonsledd til Europa og den nye «nordlege dimensjonen».

3.5 Arktisk råd

Arktisk råd er det einaste regionale samarbeidsorganet som omfattar alle dei åtte arktiske landa: dei fem nordiske, USA, Canada og Russland. Rådet har i tillegg «permanente deltakarar» som representerer urfolka i den arktiske regionen. Seks slike grupperingar er med, mellom anna Samerådet, som representerer samane i Noreg, Sverige, Finland og Russland. Ikkje-arktiske land, mellomstatlege og ikkje-statlege organisasjonar og parlamentariskorganisasjonar deltek som observatørar. Den arktiske parlamentariske samarbeidskomiteen er mellom dei organisasjonane som har fast observatørstatus.

Ministtermøta i Arktisk råd vert normalt haldne annakvart år. Ministtermøtet vedtek program og prosjekt som vert gjennomførte i regi av arbeidsgrupper. Utanom ministtermøta vert arbeidet leidd av nasjonale koordinatorar på embetsnivå.

Gjennom Arktisk råd kan vi supplere dei bilaterale kontaktane våre med multilaterale drøftingar. Arktisk råd er eit forum der dei nordiske landa møter dei store naboane sine i aust og vest, og der dei kan trekkje desse med når det gjeld å løyse felles problem. Politikken til både Russland og USA i dei nordlege områda er svært viktig for Noreg. Det er i norsk interesse å utdjupe og vidareutvikle samarbeidet i Arktisk råd som eit organ for sirkumpolart samarbeid.

Under Arktisk råd er det seks permanente arbeidsgrupper som dekkjer desse programområda:

- Overvaking av forureining og klima (*Arctic Monitoring and Assessment Programme*, AMAP)
- Bevaring av flora og fauna (*Conservation of Arctic Flora and Fauna*, CAFF)
- Beredskap mot akutt forureining (*Emergency Prevention, Preparedness and Response*, EPPR)
- Vern av det marine miljøet (*Protection of the Arctic Marine Environment*, PAME)
- Berekraftig utvikling (*Sustainable Development Working Group*, SDWG)
- Handlingsprogrammet mot forureining (*Arctic Contaminants Action Programme*, ACAP)

Norsk formannskap i Arktisk råd

Noreg har formannskapet i Arktisk råd til neste ministtermøte våren 2009. Formannskapsprogrammet er laga i samråd med Danmark og Sverige, som er dei to neste formennene etter Noreg. Koordinerte program for den nordiske formannskapsperioden i Arktisk råd 2006–2013 kan gje eit meir langsiktig og fokusert arktisk samarbeid. Programmet har tre hovudprioriteringar: heilskapleg ressursforvaltning, klimaendring og effektivisering av samarbeidet.

Utnytting av energi- og mineralressursane er av stor og aukande verdi i nordområda. Formannskapet i Arktisk råd vil vere eit viktig verkemiddel for å dele røynslene frå norsk ressursforvaltning i nord, som er vidareutvikla gjennom *St.meld. nr. 8 (2005–2006) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten*. Noreg har teke initiativ til eit nytt samarbeidsprosjekt for å samle dei røynslene medlemslanda har når det gjeld økosystembasert ressursforvaltning innanfor det arktiske området

Arktisk råd har laga ein klimastudie, *Arctic Climate Impact Assessment* (ACIA), som gav oss ei grundig kartlegging av kunnskapen om klimaendringane i Arktis og dei verknadene dei har for regionen og verda elles. På ministtermøtet i Arktisk råd i Salekhard i oktober 2006 vart det semje om å halde fram med arbeidet med å hente inn kunnskap om klimaendringane. Noreg har difor komme med framlegg om eit prosjekt for vurdering av status og konsekvensar av klimaendringane i dei isfylte områda i nord. Dette omfattar tilbaketrekkinga til havisen, smeltinga av Grønlandsisen og reduksjonen av permafrost og snødekke. Prosjektet vil halde fram under heile den norsk-dansk-svenske formannskapsperioden med delt leiding.

Ministtermøtet i Salekhard gav også eit mandat for auka samarbeid om tilpassing til klimaendringane i nord. Det er semje om å starte arbeidet med ein brei studie av kva som ligg føre av kunnskap

om tilpassing til arktisk klimaendring. Utifrå kunnskapsstudien vil ein samle ekspertar for å drøfte den vidare prioriteringa av samarbeidet. Målet er å auke den evna urfolk og andre lokale innbyggjarar har til å hanskast med verknadene av klimaendringane.

Sekretariatet for Arktisk råd har fram til nyleg følgt formannskapslandet. Ein viktig del av det norsk-dansk-svenske samarbeidet er etableringa av eit felles sekretariat i Tromsø for formennene i Arktisk råd fram til 2013. Sekretariatet har tre internasjonalt tilsette og vart operativt frå sommaren 2007. Målet er at eit fast sekretariat skal vise seg så vellukka at medlemslanda vil sjå seg tente med at det vert permanent.

3.6 Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål

Dei nordiske landa har ei rekkje felles interesser og synspunkt når det gjeld utviklinga i EU. Samarbeidet gjev ei viktig ramme for å koordinere nordisk europapolitikk.

Europaspørsmål inngår difor som ein fast del av dagsordenen for nordiske og nordisk-baltiske møte. Kontakten mellom dei nordiske hovudstadene, EU og dei nordiske EU-delegasjonane i Brussel er tett og god. Sett frå norsk side er det særleg viktig å syte for at europapolitiske saker med relevans for Noreg vert diskuterte i ein nordisk krets på eit tidleg tidspunkt. Dette gjeld ikkje minst EØS- og Schengen-relaterte spørsmål. Slik kan Noreg oppnå indirekte innverknad på dei interne drøftingane i EU i saker av betydning for oss. Det er viktig at norske styresmakter på alle nivå held fram arbeidet med å utvide og utdjupe kontaktnettverket i nordiske EU-kretsar.

Finland hadde EU-formannskapen hausten 2006, Sverige får det same ansvaret hausten 2009,

og Danmark tek over våren 2012. I desse halvårsperiodane vert det nære nordiske samarbeidet ekstra viktig for Noreg. Inngangsporten til sentrale EU-prosessar vert ofte enklare med eit nordisk naboland ved EU-roret. Dette gjeld både informasjonsflyten og møtedeltakinga i interessante EU-forum.

Dei mest konkrete og synlege døma på nordisk samarbeid i EU-samanheng det siste året er etableringa av den nordiske militære stridsgruppa som skal stå i beredskap i eit halvt år f.o.m. 1. januar 2008, og den aktive innlemminga av Noreg og Island i det EU-initierte samarbeidet i den nordlege dimensjonen. Likevel er det framleis slik at Austersjø- og Barents-samarbeida til tider kan vere prega av at mange prosjekt er forankra i EU gjennom naboskapspolitikken (ENP) eller regionale tiltaksfond (INTERREG). Dei nordiske naboane våre er difor opptekne av at sambanda til Brussel er nære, og Kommisjonen deltek òg i Austersjø- og Barents-samarbeida. For Noreg vil det seie auka innsats for – og merksemd om – nordområda.

Også på justis- og innanriksområdet har nordisk samarbeid betydning. For Noreg er det viktig at vi held oppe dei nordiske modellane på område der EU etablerer og vidareutviklar tilsvarende samarbeid. Døme på slike område er det konsulære samarbeidet, politisamarbeidet og visumsamarbeidet. Ved å sikre at det nordiske samarbeidet er velfungerande og attraktivt, kan vi medverke til at dei nordiske EU-medlemslanda vidarefører dette, sjølv når liknande samarbeid vert forsterka på EU-nivå.

Avtalen mellom Noreg, Island og EU om institusjonelle løysingar for den norske og islandske deltakinga i Schengen-samarbeidet har gjort det mogeleg å halde oppe den nordiske passunionen. Avtalen inneber òg at alle dei nordiske landa er del av eit større europeisk område med reisefridom. Det er eit godt samarbeid mellom dei nordiske landa i spørsmål som er relevante for Schengen.

4 Fagleg samarbeid

4.1 Kultur

Det nordiske kultur- og mediasamarbeidet står frå 1. januar 2007 fram med ny profil. Den nye strukturen vil vonleg skape ny dynamikk i det nordiske kultursamarbeidet, han betyr nye samarbeidsformer for kunstnarar og kulturaktørar, og han fører til ny substans og tverrfagleg arbeid. Han legg til rette for ei nasjonal forankring av det nordiske kultursamarbeidet, og sist men ikkje minst vert det frigjort midlar til program, prosjekt og aktivitetar.

Den nye strukturen eller rammeverket for samarbeid er basert på dei overordna måla til kulturministrane. Sakkunnige innanfor dei ulike kunstuttrykka skal gje innhald til programstrukturen. Etterspurnad og initiativ frå kulturfeltet skal vere drivkreftene i samarbeidet. Samspelet mellom desse ulike instansane burde vere eit godt utgangspunkt for eit dynamisk samarbeid til beste for kulturfeltet i Norden.

Hovudpilarane i det nye nordiske kultur- og mediasamarbeidet er tre program: eit medieprogram som gjev støtte til utvikling av dataspel for barn og unge med nordisk «innhald», kunst- og kulturprogrammet og mobilitets- og residensprogrammet. Dette er rammeprogram som vil gje aktørane eit tydeleg handlingsrom for å utvikle prosjekt med utgangspunkt i prioriteringane og dei økonomiske rammene for programma. Det vert opna for at nye grupper og nye nettverk kan delta i det nordiske kultursamarbeidet. Dette er ein brukarorientert struktur som stiller krav til aktørane.

Forvaltninga av programma skjer etter prinsippet om armlengdes avstand, både fagleg i form av sakkunniggrupper og administrativt gjennom det nye forvaltningsorganet *Kulturkontakt Nord*.

For at den nye strukturen skal fungere etter føremålet, er det viktig med ein god dialog og eit godt samspel mellom brukarane, dvs. nordiske kulturaktørar og Ministerrådet. Difor er *Nordisk kulturforum* etablert som ei fleksibel innretning som skal samle kulturaktørar i Norden til konferansar, seminar eller det forumet som måtte passe for høvet.

Det første Nordisk kulturforum i år, som vart halde i Oslo i mars, sette søkjelyset på det nordiske

litteratursamarbeidet, medrekna omsetjing av nabolandslitteratur, sett i lys av dei nye programma. Forumet samla representantar frå litteraturbransjen i dei nordiske landa og dei sjølvstyrte områda og kom fram med gode og konstruktive forslag til å utvikle dei nye programma vidare. Måla og verkemidla for kultur- og mediasamarbeidet er nedfelte i ein rullerande treårig handlingsplan for perioden 2007–2009. Det viktigaste målet for kultursamarbeidet i denne perioden er å konsolidere den nye strukturen og den nye arbeidsforma og syte for at dei fungerer på ein føremålstenleg måte og støttar dei måla kulturministrane har vedteke for samarbeidet. Hovudoppgåva til Ministerrådet er å drøfte og vurdere om mål og verkemiddel er kulturpolitisk føremålstenlege og relevante. Det skal skje ei kontinuerleg evaluering av den nye strukturen og dei nye programma.

Den fjerde og siste formannskapskonferansen vart arrangert i Oslo i februar 2007. Konferansen, som samla 150 deltakarar, sette søkjelyset på det kulturelle mangfaldet i Norden. Aksepter kulturforskjellane og styrk det fleirkulturelle samfunnet. Forskarar, kunstnarar og politikarar frå heile Norden var samde om at dette er nokre av dei utfordringane som dei nordiske landa i dag står overfor dersom vi skal utvikle velferdssamfunnet vidare og halde tritt med den globale utviklinga. Den norske kulturministeren understreka at vi må lære å glede oss over det kulturelle mangfaldet, styrkje og synleggjere forskjellane og utnytte dei mange fantastiske sjansane som ligg i møtet med uttrykk utanfrå.

Det nordiske språk- og kulturfellesskapet vert påverka og utfordra av *globaliseringa*. Det er viktig å styrkje Norden som ein berekraftig kulturregion og som ei plattform for internasjonalt samarbeid. Nettopp difor er eitt av dei overordna måla for det nordiske kultursamarbeidet å verne om og fremje eit mangfald av kulturuttrykk i Norden.

Nordisk kulturfond fremjar kultursamarbeidet mellom dei nordiske landa gjennom støtte til samarbeidsprosjekt innan allmennkultur, kunst, utdanning og forskning. Prosjekt for og med barn og unge og prosjekt som fremjar den nordiske språkforståinga og nye uttrykksmåtar og formidlingsformer,

er mellom dei prioriterte områda. Fondet gjev òg støtte til ei stor nordisk utstilling som skal visast i perioden 2007–2009 og som er eit samarbeid mellom 11 museum på Nordkalotten. Temaet er lyse netter og mørke dagar og vil dreie seg om kva lyset og mørket betyr for livet på Nordkalotten.

4.2 Utdanning og forskning (inkl. IT)

Utdanning

Forlenginga av den nordiske avtalen om tilgang til høgare utdanning vil framleis sikre søkjarar busette i eitt nordisk land tilgang til offentleg høgare utdanning på same eller likeverdige vilkår med landet sine eigne søkjarar i eit anna nordisk land.

Etableringa av felles nordiske masterprogram, *Nordic Masters*, skal medverke til at nordiske høgare lærestader hevdar seg i den internasjonale konkurransen om dei gode studentane i og utanfor Norden. Utviklinga av studieprogramma vil skje kommande studieår med første studentopptak hausten 2008.

Nordplus-programma (Nordisk Ministerråds mobilitets- og nettverksprogram for utdanning og forskning) er forlengja med eitt år. Neste generasjon Nordplus startar opp frå 2008 som eit rammeprogram med ein tverrsektoriell del og tre sektorprogram for skuleområdet, høgare utdanning og vaksne si læring, samtidig som det altså vert utvida til også å omfatte dei baltiske landa. Nordplus Språk-programmet vert ført vidare som eit rent nordisk program.

Det nordiske samarbeidet om grunnopplæringa (grunnskulen og vidaregåande opplæring) er konsentrert om kvalitet i skulen, internasjonale undersøkingar, mobilitet og samarbeid med nær-områda. Ministerrådet har avgjort å styrkje samarbeidet om internasjonale undersøkingar som PISA og TIMMS. Klasseromsforskning, spreining av resultat og gode døme og utveksling av erfaringar om utvikling av lærarutdanningane er òg viktige tema. Ein forstudie om lesedugleiken til vaksne vert lagt fram i 2007 som grunnlag for ei vurdering av om det skal gjennomførast ein hovudstudie.

Under formannskapsprogrammet i 2006 understreka Noreg i Ministerrådet at «språk og språkpolitikk er eit tverrgåande samarbeidsområde». Eit språkorganiseringsutval, leidd av Noreg, vart sett ned for å vurdere korleis området språk og språkpolitikk best kan organiserast med sikte på å styrkje nabospråkforståinga i Norden. Rapporten vil ligge føre i 2007.

Noreg har støtta opp om globaliseringsarbeidet til Ministerrådet der utdanning, forskning og innovasjon spelar ei viktig rolle. NordForsk, NICE og Nordplus er viktige element i ei slik satsing. Nordisk Ministerråd har engasjert seg gjennom økonomisk støtte til det nordiske seminaret i Bologna-prosessen, som har som mål å skape eit felles europeisk område for høgare utdanning innan 2010. Noreg leidde arbeidet med strategien om korleis Bologna-prosessen skal opnast for samarbeid og konkurranse med ikkje-europeiske land og område.

Forskning

Noreg har støtta opp om den sterke vektlegginga av forskning og innovasjon i strategien til Nordisk Ministerråd og i globaliseringsarbeidet. Samarbeid mellom forskning og innovasjon er òg eit viktig element i strategiane til NordForsk og Nordisk InnovasjonsCenter. NordForsk fekk den første strategien sin i 2006. Dei nasjonale forskingsråda, og dei andre organa som finansierer forskning, er saman med universiteta sentrale aktørar i NordForsk, og ein forventar at dette samarbeidet skal gje gode resultat på nordisk nivå. I 2006 vart det dessutan oppretta fem nye nordiske senter for framifrå forskning, NCoE, to innan velferd og tre innan sunn mat.

Noreg har lagt vekt på den rolla Norden har som ein føregangsregion innan arktisk forskning og framheva behovet for å styrkje samarbeidet, særleg med tanke på å auke kunnskapen om klimaendringane i Arktis. CICEROs forstudie vert lagt til grunn når Nordisk Ministerråd skal vurdere om det lèt seg gjere å gjennomføre ein mogeleg hovudstudie.

IT

MR-U er det koordinerande ministerrådet for IT-politikk. IT-koordineringa vil vere basert på rådgjeving frå ei uavhengig IT-politisk gruppe og MR-Us noverande struktur, der rådgjevingssgruppene integrerer IT i arbeidet sitt. På fleire sentrale område er det behov for eit sterkare nordisk samarbeid. Så langt er det eScience som er vald som grunnlag for nordisk IT-samarbeid. eScience er sentralt innan alle kunnskapsområda og omfattar både den elektroniske infrastrukturen og bruksområde innan dei mest krevjande vitskaplege områda. Samordning og koordinering av felles nordiske initiativ overfor EU vil gje ytterlegare verdi til det nordiske IT-samarbeidet.

4.3 Miljø (inkl. tverrfagleg samarbeid)

Det nordiske miljøsamarbeidet er svært omfattande og dekkjer eit vidt spekter av saker. Samarbeidet er m.a. ein av dei viktigaste kanalane vi har til å påverke den utviklinga av regelverket som skjer på miljøområdet i EU og i andre internasjonale forum. Rammene for det nordiske miljøsamarbeidet følgjer av miljøhandlingsprogrammet for perioden 2005–2008. I tillegg vert samarbeidet styrt av politiske initiativ og aktuelle spørsmål som til kvar tid er oppe på den internasjonale dagsordenen.

Prioriterte satsingsområde på miljøsektoren under den norske formannskapet i Nordisk Ministerråd i 2006 var miljøutfordringane i Arktis med vekt på miljøgifter og klima og folkeleg deltaking i miljø- og berekraftarbeidet.

Gjennom oppfølginga av formannskapsprogrammet vårt har Noreg lukkast med å få sett vesentleg fokus på klima- og miljøgiftproblematikken i Arktis. Dei nordiske miljøministrane vedtok i mars 2006 ein strategi for arbeidet med miljøgifter og klima i Arktis. Strategien inneheld òg ei liste over ulike initiativ som kan medverke til å oppfylle målsetjingane i strategien. Ei rekkje viktige prosjekt er no sette i gang, m.a. eit prosjekt som ser på kva konsekvensar ei global oppvarming på to grader vil få for Arktis.

Det må òg nemnast at dei nordiske miljøvernministrane vedtok ei ministererklæring om arbeidet med tilpassing til klimaendringar på det møtet ministrane hadde på Svalbard i august 2006. Miljøvernminister Helen Bjørnøy gjorde i tillegg greie for miljøsektoren sitt arbeid med tilpassing til klimaendringar under sesjonen i Nordisk Råd i København i november 2006.

På det andre hovudprioritetsområdet, «Folkeleg medverknad i miljø- og berekraftarbeidet», er det òg gjennomført ei rekkje tiltak. Mellom anna vart det arrangert ein stor Lokal Agenda 21-konferanse med over 500 deltakarar i Oslo om berekraftig samfunnsutvikling. Føremålet med konferansen var å kartleggje gode nordiske døme på brei folkeleg medverknad i miljø- og berekraftarbeidet. Det vart òg sett i gang ein konkurranse der forskjellige kommunar vart inviterte til å presentere korleis dei arbeider for å nå det felles nordiske målet om å stoppe tapet av biologisk mangfald innan 2010. Erfaringane så langt frå dette prosjektet vil verte presenterte på konferansen om biologisk mangfald som Noreg i samarbeid med FN avviklar i Trondheim i slutten av oktober 2007.

I tillegg til dei prioriterte satsingsområda i det norske formannskapsprogrammet for 2006 har

miljøsektoren i Nordisk Ministerråd hatt sterkt fokus på dei globale klimaproblema. Noreg tok i 2007 òg initiativ til å setje i gang eit nordisk prosjekt om dei konsekvensane klimaendringane har for kulturmiljø.

På kjemikalieområdet er det særleg arbeidet med å få til eit forsterka globalt samarbeid om kvikksølv og andre tungmetall, dei miljøskadelege verknadene av kosmetikk og legemiddel og nye stoff som skal inn i Stockholmkonvensjonen og POPs-protokollen under LRTAP-konvensjonen, som er viktig. Dei nordiske landa har m.a. medverka sterkt til at det no er sett i gang forhandlingar som legg grunnlaget for å opne for ein ny bindande global kvikksølvavtale.

Dei nordiske landa samarbeider òg om å følgje opp den marine strategien i EU og luftkvalitetsdirektivet. I tillegg vart det i 2006 sett i gang eit arbeid med å kartleggje årsakene til nedgangen i bestanden av ulike sjøfuglar.

Når det gjeld det nordiske miljøsamarbeidet framover, er det heilt klart at nordisk samarbeid om å påverke utviklinga av regelverket i EU og andre internasjonale prosessar framleis vil ha høg prioritet. Ikkje minst vil samarbeidet om problema knytte til klimaendringane få monaleg fokus.

Det omfattande samarbeidet på kjemikalieområdet vil òg verte vidareført, særleg når det gjeld å få på plass ein global kvikksølvavtale og få aktuelle kjemikaliespørsmål på dagsordenen i EU.

Arbeidet med biologisk mangfald og miljøproblem knytte til havet vil òg ha høg prioritet. Dette vil særleg gjelde spørsmål knytte til 2010-måla om å stanse tapet av biologisk mangfald og oppfølginga av den marine strategien i EU.

Arbeidet med eit nytt miljøhandlingsprogram for perioden 2009–2012 vil verte sett i gang hausten 2007.

4.4 Nærings-, energi- og regionalpolitikk

Den nye organisasjonsstrukturen i Nordisk Ministerråd tredde i kraft 1. januar 2006 og innebar at dei tidlegare tre ministerråda for høvesvis nærings-, energi- og regionalpolitikk vart samla til eit felles ministerråd (MR-NER). Den nye strukturen skal effektivisere arbeidet i Nordisk Ministerråd og gje rom for synergjar mellom dei tre sektorane. MR-NER hadde det første møtet sitt 8. september 2006 i Bodø med eit felles hovudtema «Nordområda i eit nordisk og europeisk perspektiv» med førebudde innlegg etterfølgt av ein open diskusjon. På Bodø-møtet vart det vedteke eit felles kommuniké og ei

eiga ministererklæring for energiområdet. Eit felles prosjekt mellom Næring og Regional om «regionalt tilpassa innovasjonspolitikkk under nordiske tilhøve» vart behandla.

Næringspolitisk samarbeid

Prioriterte område under formannskapet i 2006 var fokusering på nedbygginga av grensehindringar for næringslivet, entreprenørskap og innovasjon og å føre vidare arbeidet med å vidareutvikle Norden til ein grenselaus og konkurransekraftig region. Det nordiske næringspolitiske samarbeidet vil i tida framover òg vere sentrert rundt dei utfordringane og sjansane globaliseringa vil medføre for næringslivet i Norden. Målsetjinga er at Norden skal høyre til mellom dei leiande regionane i verda når det gjeld å vere konkurransedyktig og med omsyn til økonomisk vekst.

Under den norske formannskapet vart arbeidet med å fjerne grensehindringar for næringslivet ført vidare. Ein fornya innsats i dette arbeidet vart intensivert gjennom forslaget frå norsk side om å etablere såkalla pådrivarordningar på dei sektorområda der problema med grensehindringar er mest framtrekande. Under møtet i Bodø vedtok dei nordiske næringsministrane forslaget om å etablere ei pådrivarordning for næringssektoren og å utnemne advokat Helge Kringstad som pådrivar. Han har eit nært samarbeid med grensepolitisk sekretariat i København og med den til kvar tid sittande formannskapet.

Ein framtidsretta næringspolitikk føreset auka fokusering på entreprenørskap og innovasjon som avgjerande bidrag til auka verdiskaping for å sikre dei nordiske velferdssamfunna. Under den norske formannskapet vart det halde fleire seminar knytte til entreprenørskap og innovasjon. Også land i Austersjøregionen deltok. Ikkje minst vart det i 2006 fokusert ytterlegare på betydninga av brukarstyrt innovasjon og den innverknaden marknaden og forbrukarane har på utforminga av innovasjonspolitikken ved at fleire prosjekt/program vart sette i gang.

Eit fleirtal av prosjekta vart gjennomførte i regi av Nordisk InnovasjonsCenter (NICE) som er den sentrale og implementerande institusjonen for det nordiske næringspolitiske samarbeidet, og Noreg arbeidde i formannskapsåret sitt tett saman med NICE.

NICE stod som arrangør av ein stor konferanse i november 2006 der temaet var korleis ein nordisk venturekapitalmarknad kunne etablerast og vere eit viktig supplement til dei nasjonale aktørane.

Energipolitikk

Den nordiske energihandlingsplanen som dei nordiske energiministrane slutta seg til i 2005 og som den norske formannskapet sette i verk på møtet til energiministrane i september 2006, tek opp ei rekkje saker av internasjonal og global karakter. Det er sentralt for energisamarbeidet å vere aktive når det gjeld utforminga av energipolitikken i Europa innan EU/EØS-rammene. Ei vidareutvikling av effektive energimarknader, og særleg den nordiske elektrisitetsmarknaden, er sentralt. Eit vedvarande sterkt fokus på berekraftige energisystem og ei oppskalering av det nordiske samarbeidet innan energieffektivisering, fornybar energi og energiteknologiar står sentralt også i ein breiare global og europeisk samanheng.

I den norske formannskapsperioden i 2006 vart det lagt stor vekt på å setje i verk det nordiske handlingsprogrammet for energisamarbeidet som gjeld for perioden 2006–2009. Det vert lagt vekt på at det nordiske energisamarbeidet skal verte ein sterk og aktiv deltakar i utforminga av energipolitikken i Norden og Europa ved å konsentrere seg om desse kjerneområda:

- energimarknader
- berekraftige energisystem
- Norden i det internasjonale energisamarbeidet.

Når det gjeld dei rammene for energipolitikken som vert utvikla gjennom EU/EØS, trengst det eit nordisk samarbeid i alle fasane av utforminga av politikk og regelverk. Det vert sett på som særleg viktig å prioritere det nordiske elektrisitetssamarbeidet. Dette vart òg stadfesta på møtet til dei nordiske energiministrane i Bodø i september 2006.

Bodø-erklæringa om det nordisk energisamarbeidet frå 7. september 2006 peiker framover mot eit tett nordisk energisamarbeid om spørsmål knytte til elektrisitetsmarknaden, energi og klima, fornybar energi, energieffektivisering og energiforskning. Det vert lagt sterk vekt på samarbeid om EU/EØS-relaterte tema innan desse områda. Energi er komme høgare opp på den globale og europeiske dagsordenen.

Under den norske formannskapet vart det 2. november 2006 lagt fram ei energipolitisk utgreiing for Nordisk Råd. Denne utgreiinga inneheldt ein status, som vart presentert for Nordisk Råd, over dei sentrale punkta i det nordiske energisamarbeidet.

Dei nordiske energiministrane understreka på ministermøtet i Bodø i 2006 den vesentlege betydninga den nordiske *elektrisitetsmarknaden* bør ha i energisamarbeidet framover. Det vart lagt vekt på at det er nødvendig med ei felles nordisk handte-

ring av elektrisitetstemarknaden ut frå eit forsyningsstryggjeksperspektiv. Harmonisering av dei systemansvarlege, felles nordiske prinsipp for flaskehalshandtering, utviklinga av ein felles nordisk sluttbrukarmarknad og samordning av marknadsovervakinga er prioriterte oppgåver for det nordiske elmarknadssamarbeidet i 2007. Det pågår eit tett samarbeid og ein aktiv dialog mellom dei nordiske systemansvarlege (Nordel) og dei nordiske regulatorane (NordREG), og det er svært viktig at dette arbeidet held fram.

Målet i den nordiske handlingsplanen for energisamarbeidet 2006–2009 er at den nordiske kraftmarknaden skal utviklast vidare som ein effektiv og velfungerande regional marknad med tilstrekkeleg mange aktørar, ein høg grad av forsyningsstryggjeik, gode konkurransevilkår og miljøvennleg energiforsyning.

Energidimensjonen i *klimapolitikken* har lenge vore eit viktig tema for Nordisk Ministerråd og er eit samarbeid mellom energisektoren og miljøsektoren med det føremål å utnytte den synergien som ligg i samspelet mellom globale klimapolitiske utfordringar og energipolitiske utfordringar. På ministermøtet i Bodø i september 2006 meinte dei nordiske energiministrane at det nordiske samarbeidet mellom energisida og miljøsida bør spele ei vesentleg rolle når det gjeld å avdekkje nye problemstillingar og analysere mogelege løysingar i klimapolitikken.

Arbeidet med å utforme framtidige, globale klimaavtalar etter den første tilsegnspanperioden i Kyoto-protokollen (2008–2012) har fått meir merksemd. Basert på EU-målsetjingane vart det i 2006 gjennomført eit prosjekt som vurderer føresetnadene for å redusere klimagassutsleppa i dei nordiske landa med 60–80 % innan 2050 og om dette er mogeleg. Ein har òg sett på om det lèt seg gjere å komme fram til kostnadseffektive løysingar når det gjeld handel med klimagasskvoter mellom fleire land og kvotesystemet i EU.

Dei nordiske energiministrane deltek i *Baltic Sea Region Energy Co-operation* (BASREC) og undertekna i 2003 ein avtale om å etablere Austersjøregionen som forsøksområde for bruk av dei fleksible mekanismane under Kyotoprotokollen, *Testing Ground Agreement* (TGA). Det er oppretta eit investeringsfond for gjennomføring av JI-prosjekt i regionen. Føremålet med fondet er å stimulere til å realisere JI-prosjekt i energisektoren i Austersjøområdet og frå 2006 også i Ukraina. Fondet var opphavleg på 15 mill. euro. Med bidrag frå private investorar utgjer fondet i dag 35 mill. euro. Fondet har no bunde opp om lag halvparten av kapitalen til JI-prosjekt og forventar å inngå avtalar

om reduksjonar på i alt 5 mill. tonn CO₂. Fondets investeringskomité vurderer kontinuerleg nye prosjekt, og det er god progresjon i arbeidet med konkrete prosjekt. Klimagruppa har i 2007 starta opp arbeidet med å evaluere denne satsinga. Dei nordiske landa har vore pådrivarar i BASREC-samarbeidet.

Det vil vere sentralt å halde fram med det gode samarbeidet på energiområdet om felles utfordringar innan *EU/EØS-relaterte tema*. Dette vil kunne dreie seg om vidareutviklinga av den indre energimarknaden i EØS. Dei nordiske landa følgjer nøye med på utviklinga av rammevilkår for energieffektivisering og fornybar energi, spesielt i lys av utviklinga av direktiv og nye initiativ. Under den norske formannskapen vart det i 2006 etablert nye «task force»-grupper innan fornybar energi og energieffektivisering. I lys av at Kommisjonen og EU-landa har starta ein ny diskusjon om energipolitikk, er det naturleg at dei nordiske landa fokuserer sterkare på dei felles utfordringane dette inneber. *Nordisk Energiforskning* er ein institusjon under Nordisk Ministerråd. Føremålet med institusjonen er å fremje og vidareføre det nordiske samarbeidet på energiforskningsområdet. Institusjonen skal styrkje dei nasjonale energiforskningsprogramma og forskingsinstitusjonane i Norden og medverke til ein felles strategi for forskning og utvikling på dei delane av energiområdet som er av felles nordisk interesse. Institusjonen driv òg med strategiarbeid og rådgjeving i samband med prosjekt i Nordisk Ministerråd. Nordisk energiforskning vert samfinansiert av dei nordiske landa med 27,5 mill. kroner årleg etter ein fastsett fordelingsnøkkel.

Nordisk Energiforskning skal ha fokus på nye energiløysingar og ein velfungerande marknad. Dei fem tematiske satsingsområda frå den førre arbeidsperioden er førte vidare, det vil seie forskning og utvikling innanfor:

- integrasjon av energimarknaden
- fornybar energi
- energieffektivitet
- hydrogensamfunnet
- konsekvensane av klimaendringar på energiområdet.

Måla skal nåast gjennom å styrkje grunnkompetansen ved universitet, høgskular og andre forskingsinstitusjonar og gjennom å skape velfungerande forskarnettverk mellom dei nordiske landa. Det er eit mål å gjere dei nordiske forskingsmiljøa meir konkurransekraftige internasjonalt og å auke interaksjonen med Norden sine nærområde, dvs. Austersjøregionen og enkelte arktiske område.

Regionalpolitikk

Den norske formannskapet tok initiativet til eit samarbeidsprosjekt om regionalt tilpassa innovasjonspolitik i dei nordiske regionane. Bakgrunnen for prosjektet er det sterkare fokuset på innovasjonspolitik både nasjonalt og i EU. Dette prosjektet er godt i gang. Vidare vart det teke initiativ til eit samarbeid om fornybar energi ved å setje i gang eit demonstrasjonsprosjekt innanfor biodiesel.

I arbeidet med grenseregionane har ein lagt opp til ein ny modell for å fordele midlar til dei nordiske grenseregionane. Her vert det lagt meir vekt på fleksibilitet og dynamikk når det gjeld tema og geografi, og dette vil ein arbeide vidare med.

Det nordiske samarbeidet med nærområda i aust vart vidareført mellom anna ved at prosjektet BEN-EAST vart etablert. Dette prosjektet skal sjå på grenseoverskridande samarbeid med Russland og Kviterussland. Samarbeidet i Vest-Norden vart òg følgt opp.

Det har vore arbeidd med ei systematisk utveksling av erfaringar om bypolitikk. Tenestemannsgruppa leverte rapporten sin hausten 2006, og han vart deretter presentert på ein formidlingskonferanse i København i vår. Arbeidet med bypolitikk vert følgt opp under den finske formannskapet. Det vart teke initiativ til ei tenestemannsgruppe som skal systematisere erfaringar og komme med tilrådingar om mål- og resultatstyring innanfor regional utvikling i dei nordiske landa. Fokus er på systema og ikkje på måla. Det er vidare etablert ei tenestemannsgruppe som skal utvikle metodar for å samordne den regionale utviklinga.

Den finske formannskapet vil fokusere på regional konkurransekraft og innovasjon og på basistester (minstenivå) for befolkninga og å utvikle den nordlege dimensjonen gjennom å styrkje det regionale samarbeidet med dei baltiske statane. Finland ser på Nordregio som ein sentral ressurs i det nordiske regionalpolitiske arbeidet og ønskjer å styrkje og vidareutvikle institusjonen.

4.5 Fiskeri og fangst

På det nordiske ministermøtet i Svolvær i 2006 vart det vedteke ei erklæring om *ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske)* med særleg fokus på oppgraderinga av hamnestatskontrollen. Dei nordiske landa ønskjer å medverke til at det kjem på plass ein global avtale om hamnestatskontroll i regi av FAO. Ein har difor gjeve midlar til eit prosjekt

som skal greie ut dei juridiske aspekta ved gjennomføringa av ein slik avtale.

Samtidig har fiskerisektoren sett i gang eit prosjekt for å kartleggje dei økonomiske drivkreftene bak UUU-fisket i Barentshavet.

Berekraftig fiskeri har vore eit anna viktig emne for fiskerisektoren. Under den norske formannskapet vart det i september 2006 halde ein internasjonalt konferanse i Bergen om økosystemtilnærming til fiskeriforvaltning. Konferansen, som var organisert i samarbeid med FAO, samla 150 deltakarar frå 38 land. Som oppfølging av konferansen vart det utarbeidd ei nordisk ministererklæring som viser til dei viktigaste konklusjonane frå konferansen. Erklæringa og den offisielle oppsummeringa av konferansen vart sendt til FAO som inspirasjon til møtet i fiskerikomiteen i FAO (COFI) i mars.

Det er forventa at den svenske formannskapet følgjer opp konferansen i 2008.

På ministermøtet på Jevnaker i november 2006 vedtok dei nordiske og baltiske ministrane for fiskeri og akvakultur, jordbruk, skogbruk og mat ei erklæring om *sel* i Austersjøen. I erklæringa uttrykte ministrane uro for dei sosioøkonomiske konsekvensane den stadig aukande selbestanden hadde for kystnære samfunn. Sel er i nokre område ein trussel mot kystfiskeria, då dei reduserer fangsten og øydelegg fiskereiskap. Samstundes har utnyttinga av sel historisk sett vore ein viktig ressurs i kystsamfunna. Men kunnskap om korleis selen kan utnyttast er i ferd med å gå tapt, og marknaden for selprodukt er svært liten.

Den finske formannskapet ønskjer å få i gang ein diskusjon om forvaltninga av sel og utviklinga av ein marknad for selprodukt samtidig som ein tek høgde for dei regionale ulikskapane. Difor planlegg Finland ein stor konferanse om sel i oktober 2007. Konferansen vil vere ei stor multidisiplinær, internasjonal hending som òg omfattar eit samarbeid med NAMMCO (North Atlantic Marine Mammal Commission).

Målet med konferansen er å dele erfaringar og utvikle strategiar for forvaltninga av selbestandar og samhandlinga mellom sel og samfunn innanfor rammene av ei økosystembasert tilnærming.

I den kommande perioden vil spørsmål om *klima* verte viktigare. I fiskerisektoren gjeld det særleg fokus på dei konsekvensane klimaendringane har for fiskebestandane og for fiskeria. Noreg har i FAO komme med forslag om at det vert laga ei global utgreiing om dei konsekvensane klimaendringane har for fiskeria, og dei nordiske landa ønskjer å støtte opp om dette med nordiske initiativ.

4.6 Jord- og skogbruk

Det nordiske samarbeidet på jord- og skogbrukssektoren har vore breitt og omfattande. Det vart halde to ministermøte i Noreg i 2006 i EK-Fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk. På møtet i Nordisk Ministerråd i Svolvær 6. juli 2006 deltok 12 ministrar frå dei nordiske landa og dei sjølvstyrte områda. På det nordisk-baltiske ministermøtet 7. november deltok det ni ministrar frå Norden og Baltikum.

Utviklinga i kyst-, skog- og landdistrikta var eit overordna tema på ministermøtet i Svolvær i 2006. Ministererklæringa dekkjer arbeidsområdet til embetsmannskomiteen og har følgjande tre tilnærmingar: produktutvikling og innovasjon, dei menneskelege ressursane og eit sunt samfunn. Utfordringane i framtida og utkastet til ministererklæring vart drøfta både på eit seminar og i møte mellom ministrane og representantar frå nordiske nærings- og interesseorganisasjonar, der tema var utviklinga i kyst-, skog- og landdistrikta. Materialet om kyst-, skog- og bygdeutvikling vert sett saman og publisert av arbeidsgruppa NordFram under EK-Jordbruk. Oppfølginga av ministererklæringa er drøfta, og konkrete arbeid er i ferd med å verte gjennomførte.

Ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) har starta opp arbeidet med å definere kjerneoppgåvene sine. Kortfatta og samanfattande for heile arbeidsområdet til ministerrådet er det å fremje berekraftig bruk av natur- og genressursar som ein føresetnad for mennesket sin eksistens. Vidare skal MR-FJLS medverke til å sikre tilgang til gode matvarer, fremje kostvanar som medverkar til betre helse hos nordiske borgarar og utvikle dei alternativa som er å finne i nordiske råvarer og nordisk matkultur. Konkrete kjerneoppgåver vert definerte innanfor delsektorane fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk. Forsking vert sett på som eit viktig satsingsområde. Arbeidet med nytt strategisk styringsdokument for ministerrådet for perioden 2009–2012 er sett i gang. Kjerneoppgåvene til ministerrådet og globaliseringsinitiativet til dei nordiske statsministrane vil vere viktig grunnlagsmateriale i dette arbeidet.

Genressurssamarbeidet i Norden er omfattande med to genbankar, ein for plantar og ein for husdyr. Vidare går det føre seg eit samarbeid om skogplantar og -frø. Omorganiseringa av genressurssamarbeidet var ei viktig sak i 2006, og ho vert ført vidare i 2007. På det nordiske ministermøtet i Bjørneborg 28. juni 2007 vart det vedteke å slå Nordisk genbank – plantar, Nordisk Genbank – husdyr

og Nordisk skogbruks frø- og planteråd saman til Nordisk Genressource Center (NordGen) med verknad frå 1. januar 2008. Ressursane og kompetansen som ligg i det nordiske samarbeidet om genetiske ressursar, skal samlast i NordGen og forvalta og utviklast vidare i eit tverrfagleg og heilskapsorientert perspektiv for å medverke til berekraftig bruk og framtidsretta løysingar på miljøutfordringar innan mat og landbruk. Det nordiske samarbeidet om genressursar vil med dette få eit fagleg løft og verte meir effektivt.

Det nye sikringslageret for frø som er under bygging på Svalbard, har fått stor internasjonal merksemd både i FAO og i den internasjonale pressa. *Svalbard Global Seed Vault* er eit sentralt og viktig bidrag til å sikre biologisk mangfald i landbruket, særleg matvekstane i verda. Det vil vere særskilt viktig for utviklingsland og vert sett fram til med stor interesse i FAO og den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar. Noreg har inngått ein avtale med *Global Trust Diversity Fund* og Nordisk genbank om administrering og finansiering av drifta. I tråd med dette har NGB teke til å førebu den faglige drifta av frøkvelven som opnar i februar 2008.

Det treårige programmet for *Ny nordisk mat* vart starta opp i november 2006. Det er oppretta med ei eiga nordisk styringsgruppe med norsk leiing. Programmet har vorte svært populært i dei nordiske landa og gjev nye sjansar for utviklinga av lokal og regional mat, matkultur, regional utvikling og verdiskaping og profilering av nordisk mat og matkultur både nasjonalt og internasjonalt. Det kan alt seiast at programmet kan vere eit godt døme på korleis Norden kan profilere seg i ei stadig meir globalisert verd.

Den fellesnordiske satsinga i programmet er på 22,6 mill. kroner over ein treårsperiode. Av dette går Nordisk InnovasjonsCenter inn med ca. 10 mill. kroner retta mot innovasjonsaktivitetar. Fordi programmet er tverrfagleg, har det deltaking frå fleire sektorar i Nordisk Ministerråd.

Bioenergi har fått stor merksemd i nordisk samanheng dei siste åra. Saka, som vart drøfta både på det nordiske ministerrådsmøtet i Svolvær og det nordisk-baltiske ministermøtet på Jevnaker i 2006, resulterte i to ministererklæringar der det var semje om ei felles satsing for å auke kunnskapen om bruken av biologisk materiale til bioføremål. Det vert arbeidd med eit oppfølgingsprosjekt med samarbeid med energisektoren.

Utviklinga av bioenergi i Norden har til dels vore prega av stor innsats frå initiativrike personar. For å heidle desse og for å få sterkare fokus på det utviklingsarbeidet som er nødvendig for å auke

bruken av bioenergi, vart det i 2007 oppretta ein heidersdiplom for slik innsats. På sommarmøtet i Bjørneborg vart Erik Eid Hohle tildelt bioenergi-prisen for 2007 for den innsatsen han har gjort for å utvikle og drive bioenergigarden i Brandbu.

Bioenergi vart drøfta på ministermøtet i Bjørneborg. Det var semje om at Norden hadde eit svært stort potensial for auka bruk av bioenergi, og at det var rasjonelt med eit nordisk samarbeid om kunnskapsutvikling m.a. for betre rammevilkår, medrekna å løyse dei hindringane som er. Utviklinga i auka bruk av bioenergi må sjåast i nær samanheng med klimaproblematikken og behovet for reduserte utslepp av CO₂, som er ein av dei største utfordringane i vår tid. Ministrane understreka at det er viktig at ministerrådet (NM-FJLS) vert godt involvert i globaliseringsarbeidet til Nordisk Ministerråd om klima og energi.

4.7 Økonomi- og finanspolitikk

Den økonomiske politikken og konjunkturutviklinga i dei nordiske landa er eit sentralt og fast punkt når finansministrane møtest. Kvar haust vert det utarbeidd ein rapport om den økonomiske situasjonen i Norden.

Dei nordiske finansministrane vedtok på eit møte i Asker i juni 2006 å samarbeide om å inngå *avtalar med skatteparadis om informasjonsutveksling*. I alt 33 skatteparadis har komme med politisk bindande erklæringar overfor OECD om å opne for innsyn og effektiv informasjonsutveksling. For å oppnå dette må det inngåast bilaterale avtalar. Ved å opptre samla vil dei nordiske landa både ha større gjennomslagskraft og kunne spare vesentlege ressursar. Det er sett i gang forhandlingar med ei rekkje skatteparadis, og ein ventar at den første avtalen vil liggje føre hausten 2007.

Som eit ledd i arbeidet med å byggje ned grensehinder mellom dei nordiske landa, opna dei nordiske finansministrane 20. mai 2005 ein felles nordisk skatteportal (www.NordiskeTax.net). Den nordiske skatteportalen er eit samarbeidsprosjekt mellom skattestyresmaktene i dei nordiske landa og tek sikte på å gjere det enklare for personar busette i Norden å få hjelp til å løyse dei skatteproblema som lett vil oppstå for personar som har inntekt eller formue som rører ved fleire land.

Talet på treff har stabilisert seg på rundt 9 500 per månad. Ein viktig ambisjon har vore at ein skal få svar på enkle spørsmål innan to til fem dagar, medan meir kompliserte spørsmål krev noko lengre svartid. I gjennomsnitt vert det per månad levert inn vel 90 spørsmål om skatt til det virtuelle

skattekontoret. Gjennomsnittleg svartid har variert mellom 4 og 19 dagar. Det er gjennomført tiltak for å få ned svartida.

Det nordiske arbeidet på *miljøøkonomiområdet* vert vareteke av kontaktgruppa for miljøøkonomiske spørsmål. Dette er ei felles arbeidsgruppe under EK-Miljø og EK-Finans. Gruppa er eit forum for faglege diskusjonar og gjer det òg mogeleg for dei nordiske landa å koordinere førebuingane til internasjonale møte, særleg møte i EUs miljøøkonomigruppe (ENVECO). Gruppa har avslutta fleire større prosjekt i 2006 og første del av 2007 og har fleire større prosjekt under planlegging og oppstart.

Den demografiske utviklinga, der dei eldre vil utgjere ein aukande del av befolkninga i dei kommande tiåra, kjem til å gje press på offentlege finansar og stille krav til ein god ressursbruk i offentlig sektor. Fleire av dei nordiske landa har sett i gang omfattande arbeid med å forbetre ressursbruken i den offentlege verksemda. På det nordiske finansministtermøtet i Helsingfors i juni 2007 vart det m.a. avgjort å arrangere eit seminar mellom dei nordiske ekspertane på området hausten 2007.

Sidan 2004 har arbeidsløysa i dei nordiske landa gått ned, og det er forventa ein ytterlegare nedgang dei næraste åra. Fleire sektorar, særleg i Danmark, Noreg og Island, opplever no problem med å skaffe kvalifisert arbeidskraft. Dei viktigaste utfordringane vert å styrkje yrkesdeltakinga mellom svake grupper på arbeidsmarknaden, auke yrkesdeltakinga mellom eldre, gjere det mogeleg å auke innvandringa av kvalifisert arbeidskraft og auke integrasjonen av dei som allereie har innvandra. I samband med dette har MR-Finans avgjort å setje i verk ein studie om korleis mobiliteten på den nordiske arbeidsmarknaden kan medverke til ein langsiktig og vedvarande høg vekst i Norden. Studien vil liggje føre hausten 2007.

Fordi EU/EØS-sakene får stadig meir å seie for dei nordiske landa, og i lys av EU-utvidinga, har nordisk samarbeid i EU-samanheng fått auka prioritet. EU-samarbeidet på det økonomiske og finansielle området er difor vorte eit fast punkt på dagsordenen på dei nordiske finansministtermøta. Elles vert ei rekkje EU/EØS-relevante spørsmål behandla i ulike nordiske arbeidsgrupper.

Mellom dei sakene som har vore drøfta, kan nemnast forslaget frå Kommisjonen til eit nytt direktiv for betalingstenester. Fleire av dei nordiske landa har uttrykt uro over at forslaget vil innebære krav til nasjonal lovgjeving som vil føre til at det vernet forbrukarane har ved misbruk av betalingstenester, vert svekka. Det var òg semje om å arbeide for at interessene til forbrukarane

vert varetekne gjennom det nye betalingsdirektivet.

Dei nordiske finansministrane har tidlegare uttalt at minimumsskatten på alkohol innanfor EU bør hevast. På møtet i MR-Finans i oktober 2006 vart det såleis vedteke ei fråsegn med støtte til forslaget frå EU-kommisjonen om å auke minimumsskatten på alkohol.

Frå utgangen av 2007 kjem Noreg til å delta i EU-handelssystemet for CO₂-utsleppskvoter. Frå norsk side vert det lagt vekt på at dei nordiske finansministrane engasjerer seg i spørsmålet, og at ein undersøker om det lèt seg gjere med ei felles nordisk haldning i spørsmålet. Noreg har teke på seg å koordinere dette arbeidet.

Oppgåva til *Den nordiske investeringsbanken* er å gje investeringslån og stille garantiar på bankmessige vilkår og i samsvar med samfunnsøkonomiske omsyn til prosjekt som er av interesse for medlemslanda og andre land som får slike lån. Låneaktivitetane omfattar m.a. investeringslån til verksemdar i to eller fleire medlemsland, finansiering av miljø- og infrastrukturinvesteringar, lån til regionalpolitiske kredittinstitusjonar, ordinære investeringslån utanfor Norden, prosjektinvesteringar til kredittverdige utviklingsland og land i Sentral- og Aust-Europa og baltiske investeringslån. Dei nordiske og baltiske landa er medlemmer av banken.

Banken hadde eit overskot på 137 mill. euro, eller 1 091 mill. kroner, i rekneskapsåret 2006, mot 165 mill. euro i 2005. Det er i 2007 utbetalt motverdien av 50 mill. euro av overskotet for rekneskapsåret 2006 til eigarane. Av dette utgjorde den norske delen 9,2 mill. euro eller om lag 73 mill. kroner.

NIBs samla utlån og garantiar var ved utgangen av 2006 11,6 mrd. euro eller om lag 93 mrd. kroner. Uteståande lån og garantiar til medlemslanda var på 9,2 mrd. euro eller om lag 74 mrd. kroner.

Banken har eit formelt samarbeid med 37 land utanfor Norden og Baltikum. Lån til desse landa utgjer ein aukande del av verksemda i NIB og var ved utgangen av 2006 20 % av samla utlån og garantiar. NIB deltek òg i miljøfinansiering. I 2006 utgjorde miljølån 14 % av totalt utbetalt utlån i banken.

4.8 Sosial- og helsepolitikk

Samarbeidet på trygdeområdet er i stor grad knytt opp mot å gjennomføre og utvikle den nordiske konvensjonen om trygd. Sidan alle dei nordiske landa er omfatta av EØS-samarbeidet, er føremålet med den nordiske konvensjonen no i hovudsak å

sikre at reguleringa av internordiske trygdespørsmål ikkje kjem i konflikt med EU/EØS-reglane om koordinering av trygderettar.

Europarådet og Nordisk Ministerråd har starta eit samarbeid der målet er å betre situasjonen for *personar med nedsett funksjonsevne* i nordområda. Under konferansen som Europarådet heldt i St. Petersburg 21.– 22. september 2006 vart det lansert ein ny handlingsplan for personar med nedsett funksjonsevne. Konferansen var eit samarbeid mellom den russiske formannskapet i Europarådet og den norske formannskapet i Nordisk Ministerråd.

I det norske programmet for formannskapet i Nordisk Ministerråd for 2006 var universell utforming ei hovudprioritering.

Nordiska samarbetsorganet för handikappfrågor har sett i gang eit treårig samarbeidsprogram retta mot barn med nedsett funksjonsevne og familiane deira i dei tre baltiske landa og Nordvest-Russland.

MR-S gav i juni 2006 embetsmannskomiteen i oppdrag å setje i gang ei utgreiing om dei seks institusjonane og dei to samarbeidsorgana på det sosial- og helsepolitiske området med det føremål å *omstrukturere dei nordiske institusjonane på helse- og sosialområdet*. Oppdraget gjekk til tidlegare departementsråd Brit Denstad. Rapporten hennar vart offentleggjort 15. mai 2007.

Rapporten vart diskutert på MR-S-møtet i Lahtis i juni 2007. Landa var samde om at det var behov for endringar av både organisatorisk og strukturell karakter. På dette grunnlaget vart det teke avgjerd om ein vidare prosess for gjennomgangen av institusjonane, mellom anna for å gje rom for ei breiare nasjonal vurdering før Ministerrådet tek ei avgjerd. Avgjerda vert teken ved skriftleg prosedyre før sesjonen i Nordisk Råd i Oslo 29. oktober– 1. november 2007.

Nordisk Ministerråd tok i 2005 initiativ til ei utgreiing om utsiktene for eit felles nordisk prosjekt om produksjon av *influenzavaksine*. Bakgrunnen for initiativet var eit ønskje om å oppnå betre beredskap mot ein framtidig pandemisk influensa. Utgreiingsarbeidet har vore ført vidare i 2007, men det har så langt ikkje vore grunnlag for å einast om ein produksjons- og eigarskapsmodell som omfattar alle dei fem medlemslanda. Ministtermøtet i Lahtis i juni 2007 (MR-S) konkluderte med at landa held fram med utgreiingsarbeidet med sikte på å komme fram til ei avgjerd tidleg i 2008.

Dei nordiske landa har lang tradisjon for helseberedskapssamarbeid. *Helseberedskapsavtalen* (2003) sette arbeidet inn i ei heilskapleg ramme. Med grunnlag i avtalen vart det i tillegg under-

teikna ei erklæring om nordisk samarbeid ved eit eventuelt utbrot av koppar.

Som ledd i oppfølginga av *St.meld. nr. 37 (2004–2005) Flodbølgekatastrofen i Sør-Asia* og avgjerda på utanriksministermøtet på Bornholm i 2005 om å styrkje *samarbeidet* mellom dei nordiske landa *ved kriser og katastrofar i utlandet*, vart det oppretta ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa tilrår i rapporten sin konkrete område der dei nordiske landa vil ha meirverdi av eit formalisert samarbeid. Desse områda omfattar koordinering av førebude tiltak, varslingsrutinar, gjennomføring av redningsarbeidet, etikk, rapportering, evaluering, kommunikasjon og informasjonsutveksling, og dessutan internasjonalt samarbeid.

MR-S i Lahtis i juni 2007 vedtok å gje EK-S fullmakt til å utarbeide mandat for det vidare arbeidet med eit nordisk helseberedskapssamarbeid. Frå norsk side ser vi på dette som eit svært viktig samarbeidsområde i framtida.

Helse- og omsorgsdepartementet vil medverke til at dei nordiske landa held fram med det internasjonale samarbeidet for å *redusere alkoholskadar*; med årleg rapportering om det nordiske alkohol-samarbeidet (førebels fram til 2009).

Det uformelle nordiske *narkotikasamarbeidet* på embetsnivå vart ført vidare av den finske formannskapet, som heldt Narkotikaforum 2007 med ein gjennomgang av aktuelle narkotikapolitiske saker. Landa vil halde fram med å møtast årleg. Forumet er ikkje ein del av det formelle nordiske samarbeidet (Nordisk Ministerråd), men formannskapslandet er likevel vertskap for forumet. Sverige har som påtroppande formannskap invitert til Narkotikaforum 2008.

4.9 Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø

Nordisk Ministerråds samarbeidsprogram på arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøområdet 2005–2008 dannar ramma for samarbeidet i sektoren. Samarbeidet er retta både mot arbeidslivspolitikken innanfor Norden og mot nordisk arbeidslivspolitik i samspel med EU/EØS og andre internasjonale forum. I tillegg til innsats for å møte den demografiske utfordringa og for å skape eit aktivt og inkluderande arbeidsliv som motverkar utstøying, set òg programmet søkjelys på arbeidshindringar og diskriminering av utsette grupper og innsats for å fremje likestilling mellom kjønna i arbeidslivet. Dei nordiske landa har hatt ei nyttig erfaringsutveksling om EU/EØS-utvidinga og dei

verknadene ho har hatt på arbeidsmarknaden og arbeidslivet i Norden, med særleg vekt på tilhøvet til dei baltiske landa og Polen. Samarbeidet på dette feltet held fram, og dei baltiske landa og Polen er trekte aktivt med.

4.10 Ernæring og mattryggleik

Ministerrådet for fiskeri og havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) og ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) vedtok i juli 2006 ein nordisk handlingsplan for betre helse og livskvalitet gjennom mat og fysisk aktivitet. Handlingsplanen vart òg lagt fram til orientering på sesjonen i Nordisk Råd 1. november same året, der medlemmene i Nordisk Råd støtta handlingsplanen. Handlingsplanen inneheld ambisiøse nordiske målsetjingar for å fremje betre kosthald og auka fysisk aktivitet og er viktig som ei felles nordisk plattform for arbeidet i EU og andre internasjonale organisasjonar.

Som ei oppfølging til handlingsplanen var eit av temaa på årets sommarmøte i MR-FJLS ei erklæring om marknadsføring av og tilgang til mat for barn og ungdommar. Føremålet er å utarbeide felles, frivillige etiske reglar for å avgrense marknadsføringa av usunne næringsmiddel til barn og unge, noko som må setjast i samanheng med det arbeidet som pågår i WHO på området. Ministerrådet ønskjer òg at det vert drive målretta informasjonsarbeid for å betre tilgangen til og fremje forbruket av sunne næringsmiddel i miljø der barn og unge ferdast. Ei slik erklæring vil vere ei felles nordisk plattform for arbeidet i WHO og i EU på området.

På møtet i 2006 vedtok òg MR-FJLS ein felles nordisk strategiplan for veterinært beredskapssamarbeid. Dette arbeidet vart på det nordisk-baltiske ministermøtet i november 2006 utvida til òg å omfatte dei baltiske landa. Målsetjinga er å styrkje dei førebuingane dei nordiske og baltiske landa gjer på dyrehelseområdet, medrekna felles nedkjempingsstrategiar, felles opplæring og felles bruk av ressursar og utstyr.

Ei nordisk arbeidsgruppe avslutta i september 2006 eit treårig prosjekt om risikobasert kjøtkontroll i ein nordisk kontekst. Som oppfølging er det planar om eit eige nordisk pilotprosjekt innanfor rammene av EUs hygiene- og kontrollregelverk. Målsetjinga er å skaffe dokumentasjon som på sikt medverkar til ei omlegging av kjøtkontrollen i EU slik at han vert meir kostnadseffektiv.

4.11 Likestilling

Under den norske formannskapet i Nordisk Ministerråd i 2006 var aktiviteten høg på familie- og likestillingsområdet. Det vart halde to ministermøte, eit ordinært ministermøte og eit nordisk-baltisk ministermøte, og det vart vedteke eit nytt samarbeidsprogram for likestilling for perioden 2006–2010, «Med fokus på kjønn er målet eit likestilt samfunn». Samarbeidsprogrammet fokuserer på to hovudtema: I «Kjønn og makt» og II «Kjønn og ungdom». I tillegg vert temaet «Kjønn, kultur og kommunikasjon» teke opp.

Noreg forhandla fram ein ny samarbeidsavtale med Nordisk institutt for kvinne- og kjønnsforskning, NIKK. Avtalen skal evaluerast i løpet av 2007 før ei eventuell ny forlenging.

Den første nordiske konferansen om familie- og likestillingspolitikk, «Familie- og velferdspolitiske ordningar i Norden – ulike modellar og dei konsekvensane dei har for likestilling mellom kjønna» vart arrangert i november 2006. Konferansen var ein del av eit større prosjekt med same tittel. NIKK hadde fått i oppdrag å kartlegge kva ordningar som har best verknad for å medverke til likestilling mellom kjønna i familie- og arbeidsliv. Den endelege rapporten frå NIKK vil ligge føre i 2007. I global samanheng vert det vist til at ordningane for småbarnsfamiliar i den nordiske samfunnsmodellen, saman med eit fleksibelt arbeidsliv, gjer det mogeleg for både kvinner og menn å kombinere arbeid og familieliv, samtidig som systemet medverkar til å halde oppe ein høg fødselsrate.

Ein konferanse om menn og likestilling vart utsett frå 2006 til februar 2007. Konferansen oppsummerte erfaringane i Norden i perioden 2001–2005. Ministerrådet for likestilling/MR-Jäm vil følge opp arbeidet med ein rapport med tilrådingar for vidare arbeid.

Med utgangspunkt i hovudtemaet «kjønn og ungdom» fekk den norske formannskapet nordisk ungdom til å lage ei kvitbok om ungdommen sitt syn på og oppfatning av likestilling mellom kjønna. Boka vart ferdigstilt til ministerrådskonferansen i mai 2006. Arbeidet vert følgt opp av den finske formannskapet i 2007. Arbeidet resulterte òg i at det vart utvikla temaser for ungdom om likestilling mellom kjønna på nettstaden www.ung.no. Sidene vart sette i drift våren 2007 og vil vere tilgjengelege i heile samarbeidsprogramperioden ut 2010.

«Kjønn, kultur og kommunikasjon» vart arrangert av Barne- og likestillingsdepartementet i samarbeid med Kultur- og kyrkjedepartementet. Det var brei semje om at det er eit stort behov for meir

kjønnsdelt statistikk og forskning på kulturfeltet, og at temaet bør verte følgt opp slik samarbeidsprogrammet for perioden 2006–2010 legg opp til.

4.12 Justissektoren

Det er eit utstrakt nordisk samarbeid innanfor justissektoren. Kontakten vert mellom anna nytta til å samkøyre nordiske synspunkt og forsøke å oppnå felles nordiske standpunkt i internasjonale forum.

Det vert halde årlege møte om *barnebortføring*. Føremålet er å diskutere problemstillingar og utveksle erfaringar når det gjeld handteringa av barnebortføringssaker. Det vert lagt til rette for uformell kontakt i samband med behandlinga av konkrete saker.

Nordisk-baltisk kontaktgruppe (Nordic-Baltic Contact Group, NBCG) er ei kontaktgruppe på embetsmannsnivå som vart oppretta i 1999. Mandatet til gruppa er å leggje opp nærare rammer for samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske landa på justissektoren og følgje opp prioriteringane frå dei nordisk-baltiske justisministermøta. Noreg har formannskapet i NBCG i 2006/2007. Det siste møtet vart halde i Latvia i september 2005. Neste justisministermøte skal haldast i Finland i september i år.

Det nordiske redningstenestesamarbeidet (NORDRED) er grenseoverskridande og har som føremål å hindre eller avgrense skadar på menneske, eigedom eller miljøet ved ulukker.

I nordisk samanheng har det i mange år vore eit tett administrativt og fagleg samarbeid om *kriminalomsorga*. Leiinga for kriminalomsorga i dei nordiske landa møtest årleg for å drøfte utfordringar og dele erfaringar.

Det nordiske *lovsamarbeidet* har ei historie som går over meir enn 100 år og er framleis effektivt, høgst levande og tilpassa dagens krav. «Program og prinsipp for det nordiske justissamarbeidet», vedteke av justisministrane i 2005, er grunnlaget for det vidare samarbeidet. Føremålet er å skape mest mogeleg einsarta lovgjeving i dei nordiske landa. Samarbeidet er i stor grad uformelt og går føre seg i ulike forum og på alle nivå.

Den norske formannskapet arrangerte fleire nordiske seminar om spørsmål som vil verte følgde opp aktivt i Noreg og resten av Norden i tida som kjem. To viktige område var seminaret om lovgjeving mot internettrelaterte overgrep mot barn og felles tiltak i samband med det, og seminaret om framtidsfullmakter, som vert følgt opp med lovgjevingstiltak og høve til langt på veg einsarta reglar i Norden.

Justisdepartementet arbeider med eit lovforslag som skal gjennomføre konvensjonen om nordisk arrestordre i norsk rett. Konvensjonen vart framforhandla i 2005 og har som mål å forenkle og effektivisere kampen mot kriminalitet over landegrensene.

Lovgjevinga om aksjeselskap er tidlegare vorte til i nordisk samarbeid, men er no i stor grad regulert av EU-direktiv. Den nordiske arbeidsgruppa for selskapsrett vil på eit møte i september 2007 diskutere mellom anna fastsetjing av leiarlønner, rekommendasjonen frå Kommissjonen om ulike aksjeklassar, gjennomføring i nasjonal rett av fleire rådsdirektiv og utkast til rådsdirektiv, mellom anna det 10. selskapsdirektivet om fusjonar over landegrensene av selskap med avgrensa ansvar, utkast til direktiv om aksjonærrettar og forslag til forenklingar i fleire av selskapsdirektiva, og dessutan nasjonale lovgjevingstiltak innanfor selskapsretten. Dette illustrerer korleis det nordiske lovsamarbeidet i stor grad har funne ei ny form i lys av landa si tilknytning til EU og EØS.

Det nordiske *politisamarbeidet* har utvikla seg over dei siste tiåra til å verte eit velfungerande og ubyråkratisk samarbeid. Samarbeidet er forankra i ein eigen avtale og er understøtta av einsarta lovgjeving på ei rekkje område av betydning mellom anna for det daglege samarbeidet om kampen mot kriminalitet.

Som eit viktig verkemiddel for å utvikle samarbeidet er det oppretta faste årlege møte mellom rikspolitisjefane i dei nordiske landa. Dei nordiske riksadvokatane har oppretta eit tilsvarande nettverk for samarbeid og utvikling innanfor påtale-samarbeid.

Regionaliseringa av samarbeidet til å omfatte andre austersjøland har medverka til at løysingar for å nedkjempe kriminalitet får eit vidare perspektiv og dermed òg ein breiare samarbeidsarena for kampen mot kriminalitet. Dette har openbert gjeve ein viktig tilleggsverdi til det veletablerte nordiske samarbeidet. Samarbeidet har òg kunna medverke til å utvikle felles standardar og metodar i kampen mot kriminalitet i regionen.

4.13 Flyktningar og migrasjon

Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå for flyktningsspørsmål (NSHF) er eit samarbeidsforum som drøftar aktuelle asyl- og flyktningsspørsmål og ulike migrasjonsrelaterte tema. Noreg skal ha formannskapet neste gong i 2008–2009.

Nordisk utlendingsutval har utspring i den nordiske passkontrollavtalen og har dei seinare åra

utvikla seg til å verte eit forum som diskuterer alle typar spørsmål på utlendingsfeltet. Arbeidet er nyttig og medverkar til å utvikle felles nordiske haldningar.

4.14 Administrasjon og forvaltning

Dei sentrale statlege arbeidsgjevarorganisasjonane i dei nordiske landa har i mange år hatt eit nært samarbeid. Dette skjer gjennom ein statleg arbeidsgjevarkonferanse for alle dei nordiske landa. Konferansen vert arrangert annakvart år. Samarbeidet går òg føre seg gjennom arbeid i grupper som er etablerte på ulike personalpolitiske område. Det vert dessutan arrangert ein årleg nordisk pensjonskonferanse der representantar for dei statlege tenestepensjonsordningane møtest.

Nordisk Ministerråd har etablert eit nordisk lønns- og personalutval som består av leiande representantar for den statlege arbeidsgjevarsida i Danmark, Finland, Sverige, Island og Noreg. Utvalet er eit rådgjevande organ for Nordisk Ministerråd (samarbeidsministrane) og Nordisk Råds presidium i lønns- og personalspørsmål.

I 1978 oppretta Nordisk Ministerråd ei tenesteutvekslingsordning for alle grupper statstilsette i dei nordiske landa. Ordninga har til føremål å styrkje samarbeidet mellom dei nordiske statsetatane og å gje impulsar til nytenking på eige arbeidsfelt. Nordisk Ministerråd løyver kvart år pengar til stipendmidlar for tenesteutvekslinga.

Konkurransopolitisk samarbeid

Dei nordiske konkurransestyresmaktene har eit nært samarbeid i form av møte, i aktuelle nasjonale saker og gjennom nordiske prosjekt. Konkurransestyresmaktene samarbeider òg om utvikling av konkurransereglar i EU, EØS og andre internasjonale forum.

Det vert halde nordisk plenums møte kvart år i august/september med deltaking frå Danmark, Finland, Færøyane, Grønland, Island, Noreg og Sverige. Årets plenums møte fann stad på Grønland i september 2007. Hovudemna var konkurranse i apotekmarknaden, offentlege innkjøp og kamp mot kartell. Det vert vidare halde årlege direktør-møte som trekkjer opp linjene for det nordiske samarbeidet.

I 2006 vart det sett ned ei nordisk arbeidsgruppe for å sjå nærare på konkurransen i den nordiske elektrisitetsmarknaden. Gruppa la fram rapporten sin på plenums møtet på Grønland.

4.15 Barn og ungdom

Nordisk Ministerråds strategi for barn og unge i Norden frå 2006 er retningsgjevande for den samla aktiviteten. Ministerrådet har overfor barn og unge. Den overordna visjonen er at Norden skal vere den beste staden i verda for barn og unge. Det ansvaret dei ulike sektorane har for å vareta eit barne- og ungdomsperspektiv vert understreka i strategien. Nordisk barne- og ungdomskomiteé (NORDBUK) rapporterer kvart år til dei nordiske samarbeidsministrane om arbeidet til dei ulike sektorane på barne- og ungdomsområdet. NORDBUKs eigne aktivitetar vert styrde av den handlingsplanen komiteen har for perioden 2006–2009 der dei prioriterte innsatsområda er: dei unge si eiga organisering og dei unge sitt nordiske samarbeid, nye metodar for dei unge si deltaking i demokratiske prosessar, mangfald, menneskerettar, internasjonalt barne- og ungdomspolitisk samarbeid og koordinering av barne- og ungdomsfor-sking.

Nordisk ungdomspanel, som vart oppretta i samband med den norske formannskapet i Nordisk Ministerråd i 2006, fekk i oppdrag å få fram korleis ungdom opplever dagens velferdssamfunn og kva slags forventningar dei har til framtida i Norden. Panelet vart òg utfordra til å fremje sitt syn på kva som er dei viktigaste føresetnadene for at Nordisk Ministerråd skal kunne leve opp til den visjonen dei har om at Norden skal verte den beste staden i verda for barn og unge. Auka fokus på mil-

jøvern, å leggje til rette for auka mobilitet på tvers av landegrenser og kulturar og å skape entusiasme kring Norden og det nordiske samarbeidet var tre av dei hovudutfordringane Nordisk ungdomspanel overleverte til dei nordiske samarbeidsministrane. Nordisk barne- og ungdomskomiteé (NORDBUK) har ansvaret for å følgje opp framlegget frå panelet.

4.16 Frivillig sektor

I Noreg la regjeringa i år fram ei *stortingsmelding* om det tilhøvet staten har til frivillig sektor. Føremålet med ei ny melding er å stake ut kursen for ein ny og heilskapleg statleg frivilligpolitikk med sikte på å gje sektoren ei tydelegare innramming og betre dei generelle rammevilkåra for sektoren. Dette er ei utfordrande oppgåve, ikkje minst på grunn av det store mangfaldet av aktivitetar i frivillig sektor, sektoren sitt omfang og organisering. Eit mangfald regjeringa ønskjer å støtte opp om fordi det legg grunnlaget for ei brei folkeleg deltaking i organisasjonslivet.

Innanfor ramma av *nabopolitikken til Minister-rådet* vart det i 2006 vedteke eit nytt støtteprogram for frivillige organisasjonar i Austersjøområdet. Føremålet er å fremje NGO-verksemd og styrkje NGO-nettverk i Austersjøområdet, primært ved å mobilisere nordiske og baltiske frivillige organisasjonar til aktivitetar for å styrkje det sivile samfunnet i Nordvest-Russland og til ei viss grad i Kvite-russland.

5 Anna nordisk regjeringssamarbeid

5.1 Det utanrikspolitiske samarbeidet

Alle dei nordiske landa legg vekt på betydninga av det felles nordiske utanrikspolitiske samarbeidet (N 5). Samarbeidet har opp gjennom åra utvikla seg til å omfatte ei lang rekkje sektorar og kontakt på alle nivå. Dei nordiske utanriksministrane møtest jamleg til uformelt samråd om aktuelle spørsmål.

Dei nordiske statssekretærene (i utanriksdepartementa) vedtok i 2007 enkelte retningslinjer for det vidare nordiske utanrikspolitiske samarbeidet, medrekna å halde fram med å arbeide for at samarbeidet skal verte meir ope og effektivt med sikte på å auke den relevansen samarbeidet har. Alle nordiske utanrikspolitiske møte skal planleggast i samsvar med ein heilskapskalender slik at møta tidsmessig er plasserte rett i høve til andre relevante møte.

Regjeringa ser det som svært viktig å vareta og vidareutvikle dei nordiske utanrikspolitiske møtestrukturane og nettverka. Samarbeidet har ein tilleggsverdi i lys av at Noreg står utanfor EU og difor ikkje deltek i det kontinuerlege samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske EU-landa (NB 6-samarbeidet).

Utanriksministrane og statssekretærene møtest årleg i den nordisk-baltiske kretsen (NB 8). Det at seks av dei åtte landa i NB 8-kretsen er EU-medlemmer, tilseier at fokus særleg vert sett på spørsmål som gjeld utviklinga innanfor EU, EØS og Schengen. Spørsmål som gjeld nordområda og Nord-Europa vil venteleg få ein større plass i diskusjonane i åra framover, m.a. fordi den nordlege dimensjonen har fått ei ny plattform frå 2007 der EU, Russland, Noreg og Island er likestilte partnarar, og at det er sett i gang ein diskusjon, først og fremst i Austersjørådet, om den evna dei regionale råda har til å møte sentrale utfordringar i ei ny tid med endra rammevilkår.

Noreg støttar det uformelle amerikansk-nordisk-baltiske samarbeidet i Nord-Europa, e-Pine, og deltek i halvårlege møte på høgt embetsnivå og på ekspertmøte. Vi arbeider for å gjere samarbeidet mest mogeleg konkret, uformelt og sak-til-sakbasert. Utviklinga i Kviterussland, Ukraina, Mold-

ova og Georgia vil framleis stå sentralt i drøftingane, og det er ønskjeleg å få til eit konkret samarbeid om assistanse til desse landa.

Det nordiske tryggleikspolitiske samarbeidet har utvikla seg sterkt dei siste åra, og tryggingsspolitikken er no sektorovergripande. Godt styresett, menneskerettar, forsoning, reformer i tryggingssektoren, kampen mot internasjonal terrorisme og organisert kriminalitet, miljø- og kvinneretta bistand og kompetanseoppbygging er aktuelle samarbeidsområde. Det er ei rekkje døme på nordisk samarbeid på desse områda, mellom anna på Balkan, i Afghanistan og i Afrika (Sudan/Darfur). Omgrepet alliansefridom har mista mykje av relevansen sin etter at den kalde krigen er over. Det samarbeidet Sverige og Finland har med NATO og det Noreg har med EU betyr at dei institusjonelle rammene er vortne vesentleg utvida.

Det samarbeidet Finland og Sverige har med NATO, og deltakinga deira i NATO-operasjonane på Balkan og i Afghanistan, og Noregs samarbeid med EU har gjort at dei militære styrkane i dei nordiske landa har fått større evne til felles operasjonar. Slike einingar har ein sett i Kosovo og i Afghanistan. Regjeringa ønskjer å leggje tilhøva til rette for ei ytterlegare utvikling på dette området. Planen om ei felles norsk-svensk eining i ein FN-operasjon i Darfur, og den nordiske innsatsstyrken (*Nordic Battle Group*, NBG) som skal nyttast i EU-leidde operasjonar, illustrerer utviklinga i samarbeidet.

Alle dei nordiske landa medverkar til krisehandtering i EU-regi på det sivile området. Dette er eit samarbeidsområde i dynamisk utvikling, og EU har no på plass ein innleiande kapasitet for sivile innsatsstyrkar som på kort varsel skal kunne utplasserast i internasjonale oppdrag. Både ved direkte kontakt med EU og gjennom tett dialog med dei nordiske og baltiske landa følgjer Noreg utviklinga i EU innan sivil krisehandtering.

Regjeringa legg stor vekt på å vidareføre det nordiske samarbeidet om aktuelle FN-spørsmål. Utveksling av synspunkt og informasjon går føre seg jamleg ved dei nordiske FN-delegasjonane i New York, og det er halvårlege FN-konsultasjonar på embetsnivå i dei nordiske hovudstadene. I dei

seinare åra har FN-reform vore eit viktig tema for nordiske politiske konsultasjonar. Samarbeidet har eit uformelt preg, og dei nordiske landa står gjerne saman i saker i FN der dette lèt seg gjere.

Det nordiske valsamarbeidet fungerer godt. Det er oppretta ein intern nordisk rotasjonsordning for kandidatur til så vel Tryggingrådet i FN som ei rekkje andre sentrale posisjonar i FN-systemet. Valsamarbeidet og ordninga med felles nordiske kandidatar er ein viktig grunn til å ta vare på ein nordisk profil der det er naturleg. Felles nordiske innlegg vil vere ein måte å profilere Norden på, særleg på område der Norden som gruppe kan tilføre debatten noko ut over det EU kan. Innan gruppa av vestlege land (WEOG) har det over tid vore forståing for at dei nordiske landa i ei rekkje valsamanhengar i realiteten utgjer ei eiga «undergruppe».

Dei nordiske utanrikstenestene har eit tett administrativt og konsulært samarbeid. Embetsmenn i departementa møtest jamleg, og det er oppretta nordiske arbeidsgrupper på ei rekkje relevante fagområde. Det nordiske samarbeidet ved utanriksstasjonane har fleire former. Det kan vere samlokalisering av ambassarar, felles administrative støttefunksjonar, felles visumseksjonar, avtalar om gjensidig representasjon når det gjeld visumbehandling m.m., og bistand i konsulære saker og akutte kriser når det trengst. Ved fleire nordiske utanriksstasjonar er, eller har det vore, innplassert utsende tenestemenn frå andre nordiske land. Dei norske ambassadane samarbeider lokalt med dei andre nordiske ambassadane om krise- og beredskapsplanlegging og om kriseøvingar. På norsk side vert det lagt stor vekt på det nordiske samarbeidet på dette feltet, og samarbeidet vil verte vida-reført på fleire nivå.

5.2 Utanrikshandel

Det utanrikshandelspolitiske samarbeidet mellom dei nordiske landa er i dag meir uformelt enn tidlegare. Det er jamleg kontakt mellom dei nordiske hovudstadene, mellom delegasjonane/representasjonane i Brussel, mellom dei nordiske ambassadane og mellom EU-delegasjonane og sekretariatet i Nordisk Ministerråd. I tillegg er Nordisk Ministerråd ein arena for regelmessig nordisk samråd om aktuelle EU- og EØS-saker. Dei nordiske utanrikshandelsministrane møtest årleg til uformelt samråd om aktuelle utanrikshandelspolitiske saker. I 2007 vart det avgjort å revitalisere møta mellom dei nordiske handelssjefane (høgt embetsnivå). Regjeringa legg stor vekt på at det

utanrikshandelspolitiske samarbeidet vert pleidd og utvikla vidare.

EØS-/indre marknadsspørsmål har fått meir å seie i det nordiske utanrikshandelspolitiske samarbeidet. På same måte har samarbeidet med Nordens nærområde på det økonomiske og handelspolitiske område vorte viktigare.

Noreg deltek i ei uformell nordisk-baltisk samrådsgruppe i arbeidet med EU-direktivet for å lette handelen med tenester. Føremålet er å utveksle informasjon og synspunkt i samband med det nasjonale arbeidet med tenestedirektivet for på den måten å kunne medverke til lik forståing.

Den ytre handelspolitikken i EU har Kommisjonen ansvaret for, og det er såleis ikkje aktuelt med eit formelt samarbeid mellom dei nordiske landa om felles posisjonar i WTO. Det er likevel god uformell kontakt om WTO-spørsmål gjennom møte mellom dei nordiske delegasjonane i Genève og med dei nordiske deltakarane i handelskomiteen i OECD. Denne kontakten gjev Noreg informasjon om drøftingane i EU, samtidig som dei andre nordiske landa kan dra nytte av at Noreg deltek i grupperingar der EU berre er representert ved Kommisjonen.

5.3 Forsvar

Det nordiske trygging- og forsvarspolitiske samarbeidet er omfattande og vert høgt prioritert både på politisk og fagmilitært nivå. Det er stort samfall i tryggingspolitiske vurderingar og interesser mellom dei nordiske landa, og samarbeidet fungerer svært godt trass i ulik forankring til EU og NATO. Samtidig deler dei nordiske landa ei rekkje føresetnader på forsvarssida som i mange tilfelle gjer samarbeid både aktuelt og gjensidig gunstig. Det nordiske samarbeidet er difor ein eigna arena for å samordne ei rekkje trygging- og forsvarspolitiske felles saker. For Noreg er det nordiske samarbeidet ein viktig arena som medverkar til å realisere ei rekkje forsvarspolitiske ambisjonar.

Det nordiske samarbeidet er karakterisert av ei rekkje samarbeidsprosjekt på nær sagt alle nivå. Dette samarbeidet speglar dei sterke og tette banda mellom dei nordiske landa. I tillegg til møte på statsråds-, departementsråds- og ekspedisjonssjefsnivå møtest òg forsvarssjefane i nordisk og nordisk-baltisk samanheng. I tillegg er det ei rekkje andre samarbeidsforum mellom anna innan logistikk og mellom nordiske kompetanse- og utviklingsmiljø. Samtidig fungerer NORDCAPS (*Nordic Coordinated Arrangement for Peace Support*) som eit viktig element for å koordinere og sam-

ordne nordiske bidrag til fredsbevarande operasjonar. Det nordiske forsvarssamarbeidet står òg sterkt innan materiellsektoren gjennom NORDAC (*Nordic Armaments Cooperation*). Helikopter, stormpanservogner, artillerilokaliseringsradarar og pansra hjulgåande personellkøyretøy er døme på system som har vore gjenstand for kostnadseffektivt nordisk innkjøpssamarbeid av stor betydning industrielt, operativt og kompetansemessig.

Dei nordiske landa deler eit sterkt humanitært og fredsskapande engasjement og har stort fokus på og eit sterkt ønskje om å medverke til fredsbevarande operasjonar. Men dei avgrensa ressursane våre, særleg på personellsida, gjer det vanskeleg å medverke med substansielle bidrag aleine. Gjennom det nordiske samarbeidet får vi ei større operativ evne enn vi ville oppnådd på eiga hand, og vi styrkjer det nordiske samhoøret. Eit Norden som samarbeider tettare i forsvars- og tryggingsspolitikken, vil gjere oss i stand til å gje endå større bidrag til fredsskapande og stabiliserande operasjonar. Dei nordiske landa forsøker difor å koordinere ei rekkje av bidraga sine innanfor ei nordisk ramme. Mellom anna vil Noreg delta i den svenskleidde EU-stridsgruppa i 2008 og 2011, og Noreg og Sverige har i lengre tid planlagt eit felles bidrag til innsats i FN-regi i Darfur. Det er ein ambisjon mellom dei nordiske landa å styrkje dette operative samarbeidet.

Reformer i tryggingssektoren er eit stadig viktigare verkemiddel for å leggje til rette for ei demokratisk utvikling og etablere varig fred i tidlegare konfliktområde. Dei nordiske landa har over lengre tid samarbeidd om reformtiltak i tryggingssektoren. Mellom anna har dei nordiske landa medverka til å omstille og byggje opp ein sjølvstendig forsvarssektor i dei baltiske landa. Dei nordiske landa samarbeider òg tett om støtte til landa på Vest-Balkan gjennom *Nordic Initiative*. Dette omfattar mellom anna omskolering av overflødig militært personell og hjelp til å utøve demokratisk kontroll over militære styrkar. Dei nordiske landa har ein ambisjon om å byggje vidare på desse initiativa. Reformar i tryggingssektoren framstår i dag som ein nisjekapasitet der dei nordiske landa kan gje vesentlege bidrag med personellmessig avgrensa ressursar.

5.4 Utviklingssamarbeid

Noreg har eit nært samarbeid med dei andre nordiske landa for å betre bistandseffektiviteten gjennom det breiare *Nordic Plus*-samarbeidet der òg Irland, Nederland og Storbritannia inngår. Kjernen

er Pariserklæringa om bistandseffektivitet frå 2005. Samarbeidet går dels føre seg i internasjonale forum der fokuset no er på førebuingane til det tredje høgnivåforumet for bistandseffektivitet som vil finne stad i Ghana i september 2008. Det går òg føre seg eit utstrakt samarbeid på hovudstadsnivå med halvårlege møte mellom bistandsjefane og mellom anna utarbeiding av felles rettleiarar for ulike aspekt ved utviklingssamarbeidet. Dessutan går det føre seg eit utstrakt samarbeid på landnivå, i nokre tilfelle òg i form av at bistandsmidlar vert kanaliserte gjennom ein annan *Nordic Plus*-gjevar (delegert samarbeid).

Noreg, Sverige, Danmark og Finland er mellom dei største bidragsytarane til FN's operative innsats på det utviklingspolitiske og humanitære området, som i hovudsak vert finansiert med frivillige midlar. Det er utstrekt kontakt og samarbeid mellom nordiske land om dette, både i samband med møta i Generalforsamlinga i FN og arbeidet gjennom særorganisasjonar, fond og program, slik det òg er samarbeid med andre likesinna land i og utanfor EU. Dei nordiske EU-medlemmene spelar òg ei viktig rolle innanfor EU på dette området.

Samarbeidet med Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane er formalisert gjennom ein omfattande nordisk koordineringsprosess og ein rotasjonsordning for representasjon i dei styrande organa. I Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane har Noreg i dei fleste sakene samanfalande interesser med dei andre nordiske landa, og i styra i institusjonane er det eit tett nordisk samarbeid. Felles posisjonar vert utforma heile tida, og det vert halde felles innlegg under årsmøte og møte i utviklingskomiteen i Verdsbanken og Det internasjonale valutafondet (IMF). Dei nordiske landa legg i det daglege arbeidet sitt vekt på å sikre at den overordna målsetjinga om fattigdomsreduksjon vert styrande for utforminga og gjennomføringa av verksemda i utviklingsbankane.

Det nordiske utviklingsfondet (*Nordic Development Fund*, NDF) er ein samnordisk bistandsorganisasjon som vert finansiert over bistandsbudsjetta til dei nordiske landa. NDF samfinansierer med andre multilaterale institusjonar, hovudsakleg Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane. Den største delen av kredittane til NDF har vore nytta til å finansiere leveransar av varer og tenester frå dei nordiske landa. I 2005, etter mislukka påfylingsforhandlingar, konkluderte dei nordiske utviklingsministrane med at det var semje om å avvikle aktivitetane til NDF. Det vil likevel vere dei nordiske samarbeidsministrane som gjer formelt vedtak om avvikling.

5.5 Forbrukarpolitikk

Organiseringa av samarbeidet og prioriteringar
Ministerrådet for forbrukarspørsmål (MR-K) vart lagt ned frå 1. januar 2006 som følgje av at ministerrådsstrukturen vart omstrukturert. Forbrukarministrane vedtok å vidareføre samarbeidet på uformelt plan og å etablere embetsmannsgruppa for nordisk samarbeid på forbrukarområdet (NordKons), sett saman av medlemmene av tidlegare EK-Konsument, til å stå for gjennomføringa. Samarbeidet vart ført vidare med vekt på dei prioriteringane som ligg i samarbeidsprogrammet for forbrukarsektoren 2005–2010, som Nordisk Råd og MR-K har vedteke.

Prosjektverksemd

For å sikre at prosjektsamarbeidet i sektoren vart ført vidare, arrangerte NordKons «Nordiskt konsument idéforum 2006» med representantar for nordiske forbrukarorganisasjonar, styresmakter og forskarar som deltakarar. I 2006 vart det arbeidd med å slutføre ei rekkje prosjekt som vart sette i gang under det tidlegare MR-K, m.a. ein analyse av verknadene av å endre nordisk forbrukarkjøpslovgjeving i tråd med EU-direktiv.

To prosjekt vart gjennomførte for å gjere barn og unge meir medvitne om kommersielt press, påverknad frå reklame og fedmeproblematikk. Fleire prosjektforslag som var utarbeidde innanfor styrings- og ad-hoc-gruppene under MR-K, vart i 2006 sikra gjennomføring med midlar frå strukturpulja for uformelt samarbeid. Via den tverrsektorielle NMRIPP-gruppa, der forbrukarsektoren har vore representert, vart det lagt vekt på forbrukaraspekt ved berekraftig utvikling.

Enkelte fleirårige prosjekt som vart sette i gang under det tidlegare MR-K, var framleis i gang ved utgangen av 2006 utan å vere direkte knytte til NordKons. Dette gjaldt m.a. prosjektet «EU-retten i nordisk konsumentrett», som gjer det mogeleg med innsats på ad-hoc-basis i samband med forbrukarspørsmål som er aktuelle i EU. I 2006 kom det inn i alt 14 prosjektsøknader på forbrukarområdet til strukturpulja for uformelt samarbeid. Fem av desse fekk løyvd midlar av NSK/MR-SAM.

Forbrukartryggleik

Regjeringa støttar opp under det nordiske samarbeidet som skal sikre at det berre er sikre produkt og forbrukartenester som vert tilbydde på marknaden. Eit felles regelverk for dei ulike typane produkt krev einsarta reglar og at styresmaktene utøver marknadskontroll og tilsyn etter einsarta

prinsipp. Særleg innanfor dei nordiske landa, der tilnærma lik kultur og klimatiske brukstilhøve er gjeldande, er det føremålstenleg at ein drøftar einsarta utfordringar knytte til tryggleiken ved produkt og forbrukartenester i eit breiare forum.

5.6 Samferdsel

Etter at den nye ministerrådsstrukturen tredde i kraft 1. januar 2006, er ikkje lenger transportsektoren ein del av det formaliserte nordiske regjerings-samarbeidet. På det nordiske transportminister-møtet i Vejle i august 2005 vart det avgjort at transportsamarbeidet skulle halde fram utanfor ramma av Nordisk Ministerråd. Det var brei semje om at det er viktig med eit vidare samarbeid for å diskutere aktuelle transportpolitiske problemstillingar og for å ta vare på det gode nettverket som er etablert mellom dei nordiske landa.

Det nordiske regjeringssamarbeidet på transportsektoren legg vekt på å fremje effektiv, konkurransekraftig, sikker og miljøvennleg transport og trafikk i Norden og nærområda. Fokuset er særleg på område der landa har felles problemstillingar. I tillegg vert det lagt vekt på at samarbeidet skal fremje den politiske debatten og vere eit forum for erfaringsutveksling.

Samarbeidet har medverka til ei positiv utvikling i dei nordiske landa. Nemnast bør spesielt dei gode resultata som er oppnådde innan trafikktryggleik og miljøpolitikk. Her er det mange felles trekk mellom dei nordiske landa sjølv om det er skilnader på nokre område. Norden er føregangsland på verdsbasis når det gjeld trafikktryggleik, og det er nødvendig med kontinuerleg fokus på dette viktige området for at Norden skal behalde ein slik posisjon også i framtida. Samarbeidet mellom dei nordiske landa og nærområda har vore viktig for å overføre og utvikle kunnskap om trafikktryggleik.

Dei seinare åra har EU/EØS-spørsmål fått stadig større merksemd, og samarbeidet her har mellom anna teke sikte på å påverke transportpolitikken i EU i retning av den nordlege dimensjonen. Etter utvidinga av EU har EU-relaterte spørsmål fått ytterlegare aktualitet. I dei seinare åra har det vore lagt vekt på eit auka samarbeid med dei baltiske landa, noko som har resultert i eigne nordisk-baltiske ministermøte (NB8) i tilknytning til dei vanlege nordiske ministermøta.

Innanfor ramma av den noverande samarbeidsmodellen skal det haldast eitt årleg sommarmøte mellom transportministrane. Ordninga dei seinare åra, der dei nordiske transportministrane møtest

like før rådsmøta i EU, vert ført vidare. Formannskapen i det nordiske regjeringssamarbeidet har ansvaret for å arrangere sommarmøta, og dei baltiske landa vil verte inviterte når det trengst. I tillegg skal det haldast møte på embetsmannsnivå og òg andre møte på ministernivå når det trengst.

Finland arrangerte sommarmøtet i år, som fann stad i Joensuu 4.–5. september 2007. Hovudtemaet på møtet var klimaendringar og transport. Som ei oppfølging av mellom anna fjorårets NB8-møte i Balestrand var det i Litauen i januar 2007 eit bilateralt møte på ministernivå om trafikktryggleik. I ei oppfølging av dette var det eit møte på administrativt nivå om same tema mellom dei to landa på Lillehammer 11.–13. juni 2007.

Etter felles initiativ frå den svenske og den norske transportministeren vart det 8. mai 2007 arrangert eit felles nordisk-baltisk ministermøte på Arlanda der hovudtemaet for diskusjon og meningsutveksling var infrastrukturplanlegging.

5.7 Samiske spørsmål

Ministrane med ansvar for samiske saker og sametingspresidentane i Finland, Sverige og Noreg etablerte i 2000 eit fast samarbeid med sikte på jamleg orientering, drøfting og behandling av samiske

spørsmål av felles interesse. Målsetjinga med samarbeidet er å styrkje og utvikle språket, kulturen, næringane og samfunnslivet til det samiske folket.

Regjeringane i Finland, Sverige og Noreg er samde om å vidareføre arbeidet med ein nordisk samekonvensjon, i første omgang gjennom vedvarende nasjonalt arbeid med høyringsoppfølgingar og eventuelle konsekvensanalysar.

Sametinga i Finland, Noreg og Sverige har organisert arbeidet sitt gjennom Samisk parlamentarisk råd i saker der det er naturleg å ha ein samordna politikk for å vareta dei felles interessene til det samiske folket. Regjeringa ser på Samisk parlamentarisk råd som eit viktig organ for det nordiske samarbeidet og eit organ som i internasjonale samanhengar har betydning for eit styrkt samarbeid urfolk imellom og mellom urfolk og andre aktørar.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 28. september 2007 om nordisk samarbeid vert send Stortinget.

Vedlegg 1

Statsminister Jens Stoltenberg: Innlegg i generaldebatten, den 58. sesjon i Nordisk Råd, 31. oktober 2006

Først vil jeg gjerne takke for en god og viktig debatt og takke for at debatten og møtet er lagt opp slik det nå er lagt opp, med at vi får lov til å diskutere Norden som global vinnerregion.

Jeg vil gjerne starte med å dvele litt ved selve temaet, tittelen, nemlig at vi debatterer Norden som global vinnerregion. Normalt er det jo slik at når noen er vinnere, er andre tapere. Vanligvis er det slik at hvis noen skal vinne, vil det skje på bekostning av noen andre. Veldig avhengig av hvordan vi velger å måle det å være vinnerregion, veldig avhengig av hva vi mener med det at Norden skal være en global vinnerregion, vil det også kunne være tapere. Det er f.eks. slik at hvis vi med vinnerregion mener at et mål, som i hvert fall er veldig vanlig i Norge, nemlig konkurransekraft til bedrifter, produksjonskostnader pr. produsert enhet i forhold til andre land, vil det alltid være slik at hvis ett land gjør det bedre, må nødvendigvis et annet land gjøre det dårligere. Eller hvis målet er å øke eksporten, vil nødvendigvis importen til et annet land øke. Eller hvis målet er å få størst mulig overskudd på handelsbalansen, vil overskudd på handelsbalansen til ett land være underskudd på handelsbalansen til et annet land. Eller hvis målet er at vi vinner i Ski-VM, vil nødvendigvis andre land måtte tape i Ski-VM.

Så det første grunnleggende spørsmålet er: Hva mener vi med global vinnerregion? En viktig ting, som bl.a. Dagfinn Høybråten var inne på, er at et viktig felles nordisk mål på om vi lykkes, er om vi greier å ta globalt ansvar. Det er om vi greier å ta et ansvar for miljøproblemer, fattigdomsproblemer for menneskerettigheter og demokrati.

Mitt første budskap er at vi må ha en mye videre defenisjon av vinnerregion enn bare det som kan måles med tradisjonelle økonomiske mål og termer. Vårt mål som nordisk vinnerregion er at vi også lykkes med å ta vare på tradisjonelle nordiske verdier og må ta ansvar for globale store utfordringer. Derfor vil jeg også kort reflektere over følgende:

Selv om det selvsagt er slik at ser man på en del tradisjonelle økonomiske mål, vil det ett land vin-

ner, ofte være noe et annet land taper, så er det grunnleggende slik at vi har felles interesser. Heldigvis er det slik at når vi ser på de viktige globale utfordringene, er det, i motsetning til det inntrykket mange har om at alt går i gal retning, faktisk veldig mye som går i riktig retning. I løpet av de siste tiår er hundrevis av millioner av mennesker løftet ut av fattigdom. Aldri før har flere mennesker blitt løftet ut av fattigdom enn i løpet av de siste tiårene. Inntekten pr. innbygger i de aller fleste land har økt kraftig, spesielt gjelder det selvfølgelig Asia, Kina og India. Levealderen har økt. På 1960-tallet var typisk gjennomsnittlig levealder i den fattige verden i overkant av 40 år. Nå er den i overkant av 60 år. Det er 50 % lenger liv for store befolkningsgrupper på jorda vår. Barnedødeligheten er halvert, og aldri før i verdenshistorien har flere mennesker levd i demokrati, i frihet. På midten av 1970-tallet var det 41 land som ble karakterisert som demokratier. Nå er det 125 land. 1,4 milliarder mennesker har gått fra å leve i diktatur til å leve i demokrati. I forhold til til de globale ansvarene er det selvsagt mye å være bekymret for. Men hvis man mener at et kriterium på å være vinnerregion er at vi bidrar til å løse globale problemer, er vi altså, sammen med verden, kanskje i ferd med å vinne noen av de viktigste kampene, nemlig kampen mot fattigdom, kampen for demokrati, kampen for menneskerettigheter og kampen for utvikling.

Så noen refleksjoner ikke om vinner spørsmålet, men om den nordiske regionen, den nordiske modellen. Også her er det det å si at det er hva en mener med begrepet. Det er klart at det er åpenbare forskjeller. Det er ikke et entydig begrep, og det er store historiske, geografiske og sosiale forskjeller mellom de nordiske landene. Men det er likevel noen viktige fellestrekk, og de fellestrekkene er kjennetegnet bl.a. ved følgende:

For det første at vi har, relativt sett, internasjonalt sett, store offentlige sektorer, altså mye av nasjonalinntekten går gjennom offentlig sektor, at vi har relativt høyt skattenivå, at vi har jevn inntektsfordeling sammenliknet med de aller fleste andre land, at vi har et velorganisert arbeidsliv

med gjennomgående sterke lønnstakerorganisasjoner. Det er i hvert fall fellestrekk ved alle de nordiske landene, selv om det fortsatt er viktige og store forskjeller. Det er også det som Helle Thorning-Schmidt var inne på, nemlig at det interessante da er at de nordiske landene gjennomgående skårer høyt både når det gjelder velferd på FNs utviklingsindekser, og også at vi skårer høyt når man forsøker å rangere land etter hvem som er mest konkurransekraftige, hvem som har størst omstillingsevne, hvem som har størst evne til innovasjon. Så de nordiske landene skårer på internasjonale sammenlikninger, både høyt på det å fordele og det å skape, høyt på velferd og på produktivitet. Dermed er det selvfølgelig ikke bevist at høyt skattenivå, stor offentlig sektor gir høy produktivitet, høy økonomisk vekst, høy effektivitet, men det er i hvert fall en sterk indikasjon på at det motsatte ikke er tilfellet, som er en forestilling om at en sterk offentlig sektor, høyt skattenivå nødvendigvis fører til lav produktivitet, lav vekst. Tvert imot er det mye som taler for det motsatte, fordi man gjennom sterke offentlige velferdsordninger kan sikre mange delaktighet, mange utdanning, mange trygghet, og faktisk at offentlig sektor ofte er billigere i drift enn en del alternative private ordninger, f.eks. innenfor pensjon og enkelte andre velferdsordninger.

Så har vi også andre fellestrekk, og det er at vi har en del felles utfordringer, f.eks. det Fredrik Reinfeldt var inne på: Aldringen av befolkningen er en felles utfordring for alle de nordiske landene. Det handler både om omsorg for den eldre befolk-

ning, og også for pensjon. Noe av det imponerende med den nordiske modellen, som er en harmoni-modell, er at vi har greid å reformere de nordiske pensjonssystemene mer og bedre, i hvert fall med mindre konflikter enn mange andre land i verden. Så det er egentlig et uttrykk for den nordiske modellens styrke at vi greier å reformere i tide, vi greier også omstillinger i viktige offentlige velferdsordninger, som pensjonssystemet vårt.

Det andre er arbeid og utenforskap, arbeid for alle. Men her vil jeg bare føye til følgende: Vi har f.eks. en debatt i Norge, og også i de andre nordiske land, om sykelønn. De nordiske landene har et høyt sykefravær. Men da må jeg være veldig presis på hva det skyldes. En viktig årsak til høyt sykefravær i Norden er at vi har høy sysselsetting, og den letteste måten å få ned sykefraværet på er å redusere sysselsettingen, at færre mennesker er i arbeid. Det er ikke noe ønskemål. Vårt mål er å redusere antall mennesker som er avhengig av trygdeordninger, og samtidig opprettholde høy sysselsetting. Vår tredje utfordring er integrering av etniske minoriteter og å unngå at det blir en kilde til konflikt, undergraving av det fellesskapet de nordiske landene preges av, men at det blir en kilde til mangfold, til styrket og økt verdiskaping og ikke til nye konflikter.

Jeg tror den nordiske modellen vil håndtere disse utfordringene, både aldringen av befolkningen, det å inkludere flere i arbeidslivet og det å inkludere flere med ulik etnisk bakgrunn hvis man tar vare på de grunnleggende nordiske verdiene om å kunne dele og skape samtidig.

Vedlegg 2**Nordisk Ministerråd sitt budsjett 2007 og forslag
til budsjett 2008**

	2008	2007	Differanse	%
	TDKK	TDKK	TDKK	
<i>Kultur, utdanning og forskning</i>	379.800	387.486	-7.686	-2 %
Kultursamarbeidet	160.300	163.525	-3.255	-2 %
Utdanning og forskning	219.500	223.961	-4.461	-2 %
<i>Miljø- og ressurspolitikk</i>	200.100	204.077	-3.977	-2 %
Miljø	44.600	45.480	-880	-2 %
Nærings-, energi- og regionalpolitikk	116.100	118.425	-2.325	-2 %
Jord- og skogbruk, fiskeri, næringsmiddel	39.400	40.172	-772	-2 %
<i>Velferds- og næringspolitikk</i>	63.100	64.427	-1.327	-2 %
Sosial og helse	39.000	39.786	-786	-2 %
Lovgivning	1.300	1.329	-29	-2 %
Arbeidsmarknad og -miljø	12.800	13.060	-260	-2 %
Likestilling	8.300	8.515	-215	-2,5 %
Økonomi- og finanspolitikk	1.700	1.737	-37	-2 %
<i>Nabopolitikk</i>	92.300	94.211	-1.911	-2 %
<i>Prioriteringspuljen</i>	17.000	0		
<i>Strukturpuljen</i>	0	3.066		
<i>Sekretariatet i Ministerrådet og andre fellesaktiviteter</i>	106.300	105.305	995	0,9 %
Totalt	858.600	858.572	28	0,0 %

Ein globaliseringspulje på 60.000 TDKK i 2008 skal finansierast gjennom omdisponeringar, av prioriteringspuljen og trekk på likviditet. Prioriteringspuljen i 2007 var på 20.400 TDKK og er i budsjettet fordelt på sektorane. Prioriteringspuljen i 2008 vert finansiert ved eit pro rata kutt på 2 %.

Uformelt samarbeid (i 2007 «strukturpuljen») kan òg i 2008 søkje om midlar frå samarbeidsministrane. Budsjettet for 2008 vert endeleg vedteke i november/desember etter at Nordisk Råd har handsama det. Budsjettet vert justert for prisstigning.

Vedlegg 3

De Nordiska statsministrarna i Punkaharju för ett kunnigare, synligare och mer välmående Norden

Möjligheternas Norden - svar på globaliserings utfordringer

De nordiska statsministrarna samlades til sitt sommarmøte i Punkaharju Finland den 18-19 juni 2007. De enades om att förhålla sig positivt til de nye muligheter og utfordringer for Norden som globaliseringen medfører og vill utnyttja disse muligheter og møte utfordringene gjennom att videreutvikle en nordisk modell der den framtidige velferden for medborgerne, foretagens konkursekraft, sysselsetting og tilvæxt, gemensam kultur og satsninger på hållbar utvikling er viktige komponenter.

De nordiska statsministrarna önskar fortsatt- ningsvis att utveckla Nordens styrkepositioner, våre länders høgtstående og tæckande utbildningssystem, vår expertis og vårt forskningsarbeide, vår förmåga att utnyttja informationsteknik og kreativitet for att genomföra innovationer.

Statsministrarna har därför enats om att ge startskottet for en förnyad nordisk satsning på globaliseringsområdet. Satsningen skall ske i synergi med det arbeidet som görs i europeisk regi og regionalt. Ett fördjupat samarbeide med de baltiske länderna stärker hela Östersjöregionens konkursekraft og mulighet att dra nytta av globaliseringen.

Føljande åtgärder og målsättningar kommer att främjas til förmån for ett kunnigare, synligare og mer välmående Norden. Dessa åtgärder og målsättningar främjas inom ramene for Nordiska ministerrådet og i andre sammenhang der de nordiske regeringene samarbeider:

Ett kunnigare Norden

1. Satsningen inom den europeiske ramene på ett sterkt nordisk kunnskap- og innovationsområde ska intensifieras. Nordiske ministerrådet utarbeider tills sommaren år 2008, efter diskussioner blant nærings-, utdannings- og forskningsministrene, ett forslag til samarbeidsministrene om främjande av nordisk toppforskning, i nära samarbeide med næringsliv, med beaktande av muligheter att styrke

nåttverksamarbeide mellom nordiske toppforskningsenheter og blant aktører på innovationsområdet. Blant annet føljande tyngdepunkter beaktas: främjandet av innovationer, spørsmål kring klima, energi og miljø samt velferdsforskning og helse.

2. Styrking av samarbeidet inom høgre utbildning skall øke kontakten mellom nordiske læroanstalter og lyfte Norden som en attraktiv studieort. Forskning og innovation förstärks gjennom att i økende grad koordinere nasjonale FoU program og innovationsprogram, samt gjennom att främja samarbeidet mellom de nasjonale forskningsfinansiererne.

3. De nordiske regeringene ska utrede muligheten att grunde nordiske innovationsrepresentasjoner i Asiens växande økonomier. Utredningen presenteras for Nordens samarbeidsministre sommaren 2008.

4. For att göra den nordiske prispolitikken mangsidigere framlegger de nordiske statsministrene for Nordiske rådet ett initiativ om att innstifta ett innovationspris for nordisk kvalitet från og med år 2008.

Ett synligare Norden

5. Norden som region ska profileras. Ett forslag utarbeides om nordisk samarbeide når det gjelder marknadsføring og eksport på växande marknader framfor allt utanfor Europa. Forslaget bør tække områder der en gemensam nordisk satsning ger merværdi i forhold til nasjonale satsninger, som t.ex. anvendning av fornybar energi, energieffektivitet og miljøskydd.

6. Ett forslag utvärderas i samråd med Nordiske Rådet om skapandet av ett årligt nordisk forum med början år 2008, for att ta fram gemensamme nordiske svar på de muligheter og utfordringer som globaliseringen medfører, med deltagende av de nordiske statsministrarna og andre innbudne deltagere från næringslivet, forskning, politik og medborgarorganisasjoner.

Ett välmående Norden

7. Det nordiska samarbeidet på energiområdet ska stärkas. Harmonisering av nordiska elmarknaden samt investeringar i transmissionsnätet och produktion ska genomföras för en mera effektiv, gränslös och hållbar nordisk elmarknad som kan bidra till att säkra god försörjningssäkerhet i Norden.

8. Norden ska vara en föregångsregion i arbetet med att minska utsläppen av växthusgaser. De nordiska länderna har också toppkunnande inom bl.a. miljöskydd, energieffektivitet, förnybar energi och fångst av koldioxid. Därför förstärker de tillsammans insatsen för att undersöka teknologiernas möjligheter och identifiera dem som mest relevanta för ett tätare nordiskt samarbete. Särskild vikt läggs vid gemensam marknadsföring globalt av ovan nämnda styrkepositioner.

9. De nordiska ländernas regeringar utarbetar en konkret förteckning över åtgärder för att häva de gränshinder för människors umgänge och rörlighet samt företags verksamhet som fortfarande föreligger i Norden, och eftersträvar att med alla medel undanröja svårigheter som medborgarna kan stöta på i det nordiska umgänget. En redogörelse för kvarvarande gränshinder samt genomförda och planerade åtgärder för att undanröja dessa, presenteras löpande på de nordiska statsministrarnas höstmöten från och med 2007.

Uppföljning och finansiering

10. Arbetet med att genomföra initiativen leds av de nordiska samarbetsministrarna och berörda ministerråd i en löpande dialog med Nordiska Rådet. Nordiska ministerrådet (NMR) utvecklar samtidigt sin verksamhet och anpassar sin budget och sin organisatoriska struktur till tväradministrativt samarbete, för att kunna genomföra de gemensamma strävandena på globaliseringsområdet. En första samlad rapportering om hur globaliseringsåtgärderna fortskrider ska ske till statsministrarna vid Nordiska rådets 59:e session i Oslo i 2007.

11. Statsministrarna har med intresse tagit del av idéer presenterade vid mötet av Nordiska ministerrådets generalsekreterare. De kan med fördel övervägas av samarbetsministrarna i konkretiseringen av globaliseringsinitiativen.

12. Samarbetsministrarna uppmanas att avsätta ett belopp upp till 60 MDKK i NMRs budget för år 2008 till finansiering av globaliseringsinitiativen och till de berörda nordiska institutionerna, som ska ha en roll i realiseringen av förslagen. NMR tillsätter samtidig en särskild finansieringsgrupp för att dryfta samnordiska finansieringsmöjligheter för globaliseringsprocesser, härunder särskilt omprioriteringar av NMR's budget, som avspeglar prioriteringen av det nordiska globaliseringsarbetet. Arbetsgruppen rapporterar till samarbetsministrarna om NMRs globaliseringsbudget för 2008 på hösten 2007 och om finansieringsfrågorna för år 2009 och framåt i löpet av 2008.

Vedlegg 4**Forkortingsregister**

BEG	Budgetexpertgruppen
EK-A	Embedsmandskomitéen for Arbejdsliv
EK-FINANS	Embedsmandskomitéen for Økonomi- og Finanspolitik
EK-FJLS	Embedsmandskomitéen for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
EK-JÄM	Embedsmandskomitéen for Ligestilling
EK-K	Embedsmandskomitéen for Kultur
EK-LOV	Embedsmandskomitéen for Lovsamarbejde
EK-M	Embedsmandskomitéen for Miljø
EK-NER	Embedsmandskomitéen for Erhvervs- og Energipolitik
EK-R	Embedsmandskomitéen for Regionalpolitik
EK-S	Embedsmandskomitéen for Social- og Helsepolitik
EK-U	Embedsmandskomitéen for Uddannelse og Forskning
FNF	Foreningerne Nordens Forbund
HØGUT	Styregruppen for nordisk samarbejde indenfor højere uddannelse
LOP	Lønns- og personalutvalget
MR-A	Ministerrådet for Arbejdsliv
MR-FINANS	Ministerrådet for Økonomi- og Finanspolitik
MR-FJLS	Ministerrådet for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
MR-JÄM	Ministerrådet for Ligestilling
MR-K	Ministerrådet for Kultur
MR-LAG	Ministerrådet for Lovsamarbejde
MR-M	Ministerrådet for Miljø
MR-NER	Ministerrådet for Erhvervs-, Energi- og Regionalpolitik
MR-S	Ministerrådet for Social- og Helsepolitik
MR-U	Ministerrådet for Uddannelse og Forskning
MR-SAM	Samarbejdsministrene
NAB	Nordiska rådgivande nämnden för energiinformation
NAD	Nordiska nämnden för alkohol- och drogforskning
NAF	Nordisk Arbejdsgruppe for Fiskeriforskning
NAI	Nordiska Afrikainstitutet
NAPA	Nordens Institut i Grønland
NAR	Nordisk amatørteaterråd
NDF	Nordiska Utvecklingsfonden
NEFCO	Nordic Environment Finance Cooperation (Nordiska miljøfinansieringsbolaget)
NEFP	Nordisk Energiforskning
NFS	Nordens Fackliga Samorganisation
NFTF	Nordisk Film- og TV-fond
NGB	Nordiska Genbanken
NGH	Nordisk Genbank Husdyr
NHFØ	Nordens Hus på Færøerne
NHV	Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap

NIAS	Nordisk Institut for Asienstudier
NIB	Nordiska Investeringsbanken
NICe	Nordisk InnovationsCenter
NIFCA	Nordiska institutet för samtidskonst
NIFIN	Nordens Institut i Finland
NIFS	Nordisk institutt for sjørett
NIKK	Nordisk institutt for kvinne- og kjønnsforskning
NIOM	Nordisk institutt for odontologisk materialprøvning
NIPÅ	Nordens institut på Åland
NIVA	Nordiska institutionen för vidareutbildning inom arbetsmiljöområdet
NKB	Nordisk kommitté för bioetik
NKF	Nordiska Konstförbundet
NKJ	Nordiskt Kontaktorgan för Jordbruksforskning
NKR	Nordkalottrådet
NKS	Nordisk kontakt om statsbyggeri
NKV	Nordisk kollegium for viltforskning
NMF	Nordisk Miljøutviklingsfond
NMKL	Nordisk metodikkomité for næringsmidler
NMR	Nordisk Ministerråd
NOMESKO	Nordisk medicinalstatistikkomite
NOMUS	Nordiska Musikkommittén
NOPEF	Nordiska Projektexportfonden
NOP-HS	Nordiska publiceringskommittén för humanistiska och samhällsvetenskapliga tidsskrifter
NOPUS	Nordiska utbildningsprogrammet för utveckling av social service
NOR	Nordisk organ for reinforskning
NORA	Nordisk atlantsamarbejde
NORDA	Nordiskt samarbeide om teknisk akkreditering
NORDBUK	Nordisk Barn- og Ungdomskomite
NORDEX	Nordisk samarbeidskomite for offentlig tilsyn med brannfarlige og eksplosive varer
NORDFORSK	Nordisk forskningsråd
NORDICOM	Nordiskt informationscenter för medie- och kommunikationsforskning
NORDITA	Nordisk institut for teoretisk fysik
NORDKONS	Nordiskt konsumentsamarbejde
NORDREGIO	Nordic Centre for Spatial Development
NORDVULK	Nordisk vulkanologisk institut
NOREY	Nordens Hus i Reykjavik
NORMET	Samarbetsforum för nordisk metrologi (mätteknik)
NOS-HS	Nordiska samarbetsnämnden för humanistisk och samhällsvetenskaplig forskning
NOS-M	Nordiska samarbetsnämnden för medicinsk forskning
NOS-N	Nordisk samarbeidsnemnd for naturvitenskap
NOSOSKO	Nordisk socialstatistikkomite
NR	Nordisk Råd
NSfK	Nordisk samarbejdsråd for Kriminologi
NSFP	Nordisk Skovbrugs Frø- og Planteråd
NSH	Nordiska samarbetsorganet för handikappfrågor
NSHF	Nordisk samrådsgruppe på højt niveau for flygtningespørgsmål
NSI	Nordisk samisk institutt
NSK	Nordiska samarbetskommittén
NSS	Nordisk samarbeid innenfor skoleområdet
NSS	Nordiska kommittén för samordning av elektriska säkerhetsfrågor

NSU	Nordisk Sommeruniversitet
NTR	Nordiska träskyddsrådet
NTR	Nordiska tulladministrativa rådet
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale
NUK	Nordiska ungdomskommittén
ODIN	Nordisk skolenet
SLEIPNIR	Rejsestipendieordning for unge kunstnere i Norden under 36 år
SNEIL	Sekretariatet för de nordiska energiinformationsbiblioteken
SNS	SamNordisk Skogsforskning
VALHALLA	Nordisk netværk for børne- og ungdomskultur

Offentlege etatar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Kopi- og distribusjonsservice
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hos:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern
0314 OSLO
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Telefaks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Forsidefoto: Arild Lyssand/MFA Norway

Publikasjonen finst på Internett:
www.regjeringa.no

Trykk: Lobo Media AS – 9/2007

